

Kystkultur -
tradisjon og utvikling

www.kystsogevekene.no

Kystkulturavisa 2018



Stiftinga Kystsogevekene

4. august til 16. september

Kystsoge vekene



KYSTPILEGRIMSLEIA

*Torgdagen
i Bergen*



*By og Land
Hand i Hand*



Stormønstring av kystkultur

i 22 kommunar på Vestlandet

Gode lesar

Det er ei glede å kunne sjøsetja Kystkulturavisa 2018. I denne avisa finn du stoff om ei rekkje hendingar gjennom heile sumaren 2018. Målet er å samla ulike kystkulturelle aktørar og presentera deira tilbod samla, slik at det vert enkelt for publikum å navigera.

Stiftinga Kystsogevekeene går no spanande tider i møte. Om ikkje lenge vil dagens tal på 22 kommunar som er med i stiftinga endra seg. Nokre av endringane kjem grunna kommunesamanslåingar og nokre endringar kan koma som følgje av utvidingar av det geografiske området, kanskje særleg mot nord. Den komande tida vil vonleg gje gode avklaringar, slik at arbeidet til stiftinga til fulle kan konsentrerast om å utvikla framifrå kystkulturtilbud.

Takk til Reine Linjer for godt arbeid med grafiske løysingar her i avisa og på www.kystsogevekeene.no. Like eins takk til Stiftinga Kystsogevekeene sine økonomiske støttespelarar i Hordaland Fylkeskommune, Grieg Foundation og Stiftelsen Neptun.



Til sist ei oppmoding om å ta del i dei ulike arrangementa som er omtala her i Kystkulturavisa. Bak alle tilskipingane ligg det eit omfattande planleggingsarbeid. Størstedelen av bidraga er dugnadsinnsats gjort av frivillige entusiastar med bankande hjarte for kystkultur.

Snakkast på fjorden!

Helsing
Kjell Magnus Økland
Dagleg leiar
Stiftinga Kystsogevekeene

Innhold

Kystpilegrimsleia	4	• Lindås	21	• Fusa	31
Torgdagen	6	• Askøy	22	• Bømlo	32
Fjordabåtsturar	9	• Meland	23	• Fitjar	33
Kystsogevekeene	11	• Øygarden	24	• Stord	34
Fjordsteam	12	• Fjell	25	• Tysnes	35
• Gulen	16	• Bergen	26	• Sveio	36
• Masfjorden	17	• Osterøy	27	• Kvinnherad	37
• Fedje	18	• Sund	28	Snakkast på fjorden	38
• Austrheim	19	• Austevoll	29	Kystsogevekeene program	39
• Radøy	20	• Os	30		

Kolofon:
Opplag 103 000 eks.
Trykk: Schibsted Trykk Bergen.
Grafisk: Øyvind Lothe, Reine Linjer as.
Redaktør: Kjell Magnus Økland, Kystsogevekeene.

Foto framsida: Strand: Kjell Magnus Økland. Coasteering: Kjell Magnus Økland. Veteranbåtar: Roy A. Nilsen. Oselvar: Åsmund Lien.


Kystkulturavisa er gitt ut av Stiftinga Kystsogevekeene. Dersom ikkje anna er opplyst er foto knipsa av Kjell Magnus Økland/Lena Eikeland Kutschera, ektefellane deira, eller finst frå gammalt av i Kystsogevekeene sitt biledearkiv.



Azets er den ledende leverandøren av teknologi og tjenester innenfor regnskap, lønn, HR, bemanning og rådgivning i Norden.

Du finner oss på Bamø, Os, Bergen, Setra, Odda, Kvam og Voss.

www.azets.no



Kystsogevekeene er stadig involvert i andre kystkulturprosjekt. Her får du eit innblikk nokre av desse.

Fellesnaust

Prosjektet Fellesnaust har som mål å:


1. Skapa lavterskel-møtestader mellom folk i ulike aldrar gjennom allment tilgjengelege fellesnaust som hyser nybygde tradisjonsbåtar.
2. Fremja fellesskap, naturopplevingar, folkehelse og folkeopplysning i både bygd og by gjennom fysisk aktivitet i naturen i tradisjonsbåtar.
3. Vidareføra den UNESCO-oppførte kulturtradisjonen bygging og bruk av klinkbygde tradisjonsbåtar tilpassa moderne bruk.

Folk klarar å få til deleringar for bilar, musikkinstrument, sykklar og anna utstyr - kvifor kan me ikkje gjera det same med tradisjonsbåtane?

Slike fellesnaust må ha

- gode sjø- og landsetjingstilhøve
- plassering nært attraktivt farvatn
- god tilkomst
- plassering nært kollektiv kommunikasjon
- snuplass for båtengar

Fellesnaust for tradisjonsbåtar



Nausta sikrar båtane mot sol, nedbør, tidevatn og anna væte, men kan elles vera nokså enkle i forma. Målet er å fremja aktivitet på vatnet. Kvar båt sitt tilfar ligg lagra på bjelkane rett over båten: årer til roing, ausekar, ror, liten rigg/segl for tursegling og større rigg/segl for sportssegling. Kvart naustanlegg bør ha båtar i ulike storleikar, slik at både den som er åleine og dei som kjem i større grupper, til dømes ein stor skuleklasse, kan koma seg utpå samstundes. Gjennom å satsa på nye båtar vil prosjektet og gje oppdrag til båtbyggjarane. For å lukkast må lokale aktørar identifiserast og engasjerast. Slik tar dei eigarskap til prosessen med å skaffa nausta og båtane. Les meir på www.fellesnaust.no

Hordaland Fylkeskystlag og Hordaland Seilkrets

Både desse regionale samarbeidsorgana får hjelp frå Kystsogevekeene med informasjonsarbeidet sitt, til dømes med nettsider, reportasjar, bilete og medlemsblad. Både fylkeskystlaget og seglkretsen er viktige koordineringsorgan for ein vesentleg mengd kystkulturaktivitet i Hordaland.

Les meir om Hordaland Fylkeskystlag på www.hfkl.no

Les meir om Hordaland Seilkrets på www.hordaland-seilkrets.no



Kystordverket

Foreininga Kystordverket vart stifta på Stolmen 14. april 2018 og har som mål å samla inn, dokumentera, systematisera og formidla ord og uttrykk i norsk kystkultur. Kystordverket skal gjennom ein folkedugnad samla inn, systematisere, forklara og formidla ord og uttrykk til kystkulturen. Ord og uttrykk i norsk kystkultur er ei immateriell kulturarv som representerer kunnskapar og dugleikar om natur, livsvilkår og teknologi utvikla gjennom tusenvis av år og er heilt grunnleggjande for vår sjølbergeing og sjølvforståing som nasjon. Diverre er denne arva framleis underkommunisert i forteljinga om Noreg og står no i fare for langt på veg å verta gløymd. Kystordverket skal gjennom eit samspel mellom innsamlingsdugnad, dokumentasjon, systematisering og formidling ord og uttrykk styrkja kystkulturens plass i samfunnet, i det kollektive medvitet og såleid heva kystfolkets sjølvkjensle. Dette er eit kulturarbeid som verdset både røter og internasjonalt utsyn, sidan kystkulturen meir enn nokon annan del av vår kultur er oppstått i samspel mellom det heimlege stadbundne og internasjonalt kontakt.

På kort sikt har arbeidet til Foreininga Kystordverket tre hovudleier:

Den digitale leia:

Publisering og systematisering via nettbaserte plattformer. Her vil Kystordverket arbeida for å få midlar som skal brukast til kvalifisert redaktørkompetanse, som på profesjonelt grunnlag kan systematisere og filologisk kvalitetssikre stoffet og slik sikra høg kvalitet i denne delen av prosjektet.

Den folkelege leia:

Kystordverket skal søka samarbeid med organisasjonar og institusjonar som samsvarer med formålet til foreininga. Kystordverket vil arbeidet for å auka engasjementet i ordsamlingsarbeidet i mange grasrotorganisasjonar, til dømes kystlag, sogelag, fiskarlag og kulturminnelag. Slik vil Kystordverket skapa ein folkedugnad som aukar medvitet om den språklege ords-katten som den tradisjonelle kystkulturen rommar.

Den pedagogiske leia:

Kystordverket vil utfordre lærarar i skuleverket til å bruka innsamlingsprosjektet i undervisninga si. Kystordverket har som mål å få skuleinstitusjonar til å trekka inn norsk kystkultur i undervisningen i langt større grad enn i dag.

På lengre sikt bør det innsamla materialet gjerast tilgjengeleg, gjerne illustrert, som trykt bok, til dømes: Kystordverket – eit ramsalt leksikon. Dette bokverket bør med jamne mellomrom reviderast og trykkjast på nytt. Les meir på www.kystordverket.no



Kystpilegrimsleia

Kystpilegrimsleia er ei maritim reiserute for moderne vikingar og strekk seg frå Eigersund i sør til Nidaros i nord. Riksantikvaren, fire bispedømer (Stavanger, Bjørgvin, Møre og Nidaros) og 5 fylkeskommunar (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag) har stått saman i arbeidet med leia, som no er godkjend som nasjonal pilegrimsveg og del av dei europeiske kulturvegane.

Målet med Kystpilegrimsleia er å ta opp att og bruke mellomalderen si seglingslei som eit miljøvenleg og berekraftig reiselivsprodukt. Langs heile kystleia finn vi kyrkjer og heilagstader, spor etter den tidlege kristninga av landet, kongsgardar og tingstadar, gamle handelstadar og fyrstasjonar, i tett sameksistens med dagens kystsamfunn. Kystpilegrimsleia skal fremje kunnskap om historie og kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet, folkehelse og legge til rette for bruk og vern av kulturarven vår.

Tanken er å skape eit nettverk og reiselivsprodukt for moderne pilegrimar, basert på den gamle hovudfartsåra for pilegrimar til Nidaros. Kystpilegrimsleia skal vere en brubyggjar mellom dei mange lokalsamfunna langs kysten. Dette er eit prosjekt som har lokalbefolkninga, frivillige lag og organisasjonar, kyrkja, samt lokale næringsdrivande innan overnatting, mat, transport og attraksjonar som sine viktigaste medspelarar.



PILEGRIMSLEDEN

Kystpilegrimsleia - opningsmarkeringar i Hordaland og Sogn og Fjordane

Kystpilegrimsleia har frå starten av hatt som målsetjing å søke om godkjenning som nasjonal pilegrimslei under Nasjonalt Pilegrimssenter/Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider.

I styremøtet 6. desember 2017 fatta styret for Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider følgande vedtak: *Styret godkjenner den nye pilegrimsleden «Kystpilegrimsleia» fra Egersund til Trondheim som offisiell pilegrimsled. Det forutsettes at organisering og finansiering av fremtidig drift av «Kystpilegrimsleia» utarbeides i tett samarbeid med Nasjonalt Pilegrimssenter, inntil langtidsplan for pilegrimssatsningen er vedtatt.*

Godkjenninga av Kystpilegrimsleia markerer på mange måtar eit tideverv: Ved å løfte kystdimensjonen i den nasjonale pilegrimssatsinga, vil ein kunne styrke alle pilegrimsmiljø i Noreg - både kulturminne undervegs og hovudmålet Nidaros. Ved no å inkludere kysten i eit europeisk perspektiv, vil St. Olavsvegane til Trondheim verte gjeve ein tilleggsdimensjon i unike og stadspesifikke opplevingar som peiker ut over det nasjonale og bind saman med det mellomeuropeiske andsliv og kultur.

I løpet av juni 2018, vil «R/S Risør II» segle heile Kystpilegrimsleia. Seglasen går innom alle utvalde nøkkelområde i kvart fylke, slik at ho bind saman fylkesvise opningsarrangement på land på ferda mot Nidaros. Alle interesserte, kystfolk, kyrkjefolk og alt godtfolk er inviterte til å delta på den store festen langs den vakre Vestlandskysten.



Fotos: Kystpilegrimsleia



Opningsmarkeringer av Kystpilegrimsleia i Hordaland og Sogn og Fjordane

Moster 5. juni

10:00 «**Risør II**» har ankomst i Mosterhamn
Velkomst på kaien med lurblåsarar og Moster Amfi-personalet
Vandring frå kaien til Moster gamle kyrkje og omvisning i kyrkja med song frå galleriet
Historisk vandring til minnestøttene på Vetahaugen
Vandring til Moster Amfi:
Utstillinga «**Frå hedendom til kristendom**»
Bildespelet «**1000 år – ei messe**»
Bergverksutstillinga «**Steinriket Bømlo**»
Vandring gjennom tunnelane til Olavskjelda med framføring av salmen «**Om alle mine lemmer**»
Vandring gjennom uteamfiet: «**Hellige Olavs sommerlesk**» - historia om Moster Amfi
Amfikafèen - servering av vikingsodd med flatbrød + kaffi og vaflar
Sal og stempling av pilegrimspass
14:00 «**Risør II**» har avgang frå Mosterhamn

Halsnøy 6. juni

17:30 Ankomst av «**Risør II**» til Klostersvågen. Mottaking på kaien.
17:45 Musikalsk velkomst med «**6 stemmer**» som framfører katolske hymner.
18:00 Foredrag på Halsnøy kloster: «**Halsnøy kloster – kulturelt, økonomisk, religiøst og kunnskapssenter i Sunnhordland og på Vestlandet**» ved professor Jørn Øyrehagen Sunde.
19:15 Servering/sal av betasuppe, kake, kaffi og sosialt i stovene.
Sal og stempling av pilegrimspass
Open utstilling i kjellargalleriet.

Strusshamn på Askøy 8. juni

13:00 «**Risør II**» har ankomst til Holmen i Strusshamn
Kystkulturaktørar frå Vestlandet som skal til Torgdagen laurdag overnattar i Strusshamn
19:00 Omvisning på Sjoddien ved Erling Virkesdal om den gamle fabrikk
19:45 Middag på Pakkhallen/Sjoddien med mannskap frå «**Risør II**», representantar frå Askøy kommune, Den Norske Kyrkja og Askøy Kystlag til stades
Uformell samankomst på Holmen med trekkspele og god stemning

Bergen 9. juni

09:15 Avgang frå Strusshamn – samsegling med båtar frå Askøy Kystlag
10:00 «**Enigheden**» ror frå Sukkerhusbryggen med fylkesutvalsleiar, biskop og byråd om bord
10:15 «**Enigheden**», «**Risør II**» og småbåtane møtest ved Tønne på Nordnes for kortesje innkomst til Vågen.
10:20-10:44: «**Enigheden**» og «**Risør II**» i front av kortesje med småbåtane frå Nordnestønne og innover Vågen. «**Risør II**» fortøyer på nordtuppen av Shetland Larsens Brygge.
10:30 Dræggens Buekorps marsjerer frå Dræggen og innover Bryggen.
10:40-10:44: «**Enigheden**» legg til kais ved Beffen-bryggja og fylkesutvalsleiar, biskop og byråd stig i land
10:45 Dræggens Buekorps og styreleiar og nestleiar for Torgdagen, Svein Tore Solsvik og Anne Grete Aase Eide, står klare som velkomstkomite ved Rundekiosken.
1050: Dræggens Buekorps og gjester marsjerer i tog bort til Torgdagen sin scene på Blomstertorget
10:55-12:10: Sjå detaljert program for Torgdagen i Bergen

Alverstraumen 10. juni

Ca. kl 15.00 Møte i rom sjø med skøyta «**Sunniva**», ein kopi av «**Risør II**».
Korpset Skala spelar ombord under leing av Tom Breivik

Sogn og Fjordane

Florø 15. juni

Ettermiddagen: «**Risør II**» har ankomst Florø, reservert plass ved Atløy i havna
Sildebord og open båt

Florø/Kinn 16. juni

14:30 Open båt i havna, Laksens dag
15:00 Avgang med rutebåt for Kinn. Ankomst Kinn 16.15.
16:30 Opning av Kystpilegrimsleia ved fylkesordførar Jenny Følling
16.30-18:00 Kinnaspelet
18:00 Tale ved prost, kystpilegrims-tidebønn i kirken
Sal og stempling av pilegrimspass
19:30 Retur med rutebåt til Florø

Torgdagen i Bergen lørdag 9 juni

Torgdagen i Bergen har sidan 1977 vore eit av Bergens største kulturarrangement. På Torgdagen kan du oppleve eit yrande folkeliv og dette er ein festdag for bymann og stril. Torgdagen er årvisst og du vil finna kystkultur med gamle båtar, bymann og stril i gamle klede, bodar med sal av mat og varer, kåring av best restaurerte båt og antrekk. Torgdagen i Bergen ynskjer å fremje og feire kystkulturen i handelsbyen Bergen og Strilalendet omkring.

Frå Strilalendet kjem fjordabåtar, skøyter og robåtar til indre del av Vågen. Ein kan høyra song, musikk, stev, historier og kjenna lukt og smak av fisk, tradisjonsmat og oppleve tradisjonshandverk for både kvinner og menn. Langs alle kaikantar ligg små og store tradisjonsbåtar og på Torget er folk kledd i gamaldagse klede.

På Torgdagen kan du også handle lokalmat og jordbruksvarer i samarbeid med Bondens Marknad. Torgdagen i Bergen vert gjennomført i samarbeid med kystlag og andre organisasjonar, for å ta vare på gamle handelstradisjonar, å medverke til utvikling av kystkulturen i Bergen og omland. Torgdagen i Bergen er gratis og tilgjengeleg for alle.

www.torgdagenibergen.no



Foto: Rolf Henriksen

Radio Askøy
106.4 & 107.1 - radioaskoy.no

Direktesending om Torgdagen på Radio Askøy

Fredag kveld

William Jensen frå Radio Askøy er om bord i MS Sunnhordland som skal gå frå Leirvik på Stord og opp til Bergen. Det blir stemningsrapport og intervju frå turen.

Laurdag føremiddag

Direktesending: Klokka 0900 går MS Sunnhordland innom Klokkevik. Intervju med sentrale aktørar og stemningsrapport frå båtkortesjen som stemnar inn Vågen i Bergen. Intervju med folk på Torget i Bergen.

Med fjordabåt til Torgdagen 9. juni - ei oppleving

Frå Nordhordland: MS «Atløy»

Frå Hoplandssjøen 07.15, Sletta 08.00, Feste 08.30, Frekhaug 09.40 - til Bergen 10.30. Retur 15.00.

Frå Osterfjorden: D/S «Oster»

Frå Ostereidet 07.30, Hosanger 08.00, Eknes 08.20, Leknestangen 08.50, Hamre 09.15, Salhus 09.45 - til Bergen 10.45. Retur 15.00

Frå Fjell, Øygarden og Askøy: M/S «Vestgar» og M/S «Midthordland»

Frå Solsvik 08.00 og 08.20, Turøy 08.15, Misje 08.30, Vik 08.45, Ramsøy 08.50, Vindenes 09.10, Geitanger 09.30 - til Bergen 10.30. Retur 15.00.

Frå Sund og Fjell: D/S «Stord 1»

Frå Brattholmen 08.00, frå Skaganeset 09.00 - til Bergen 10.30. Retur 15.00. Tilbod til bergensarar: Følg strilane når dei dreg heim og retur attende til Bergen. Biletter og takster: www.ticketco.no - Torgdagen / eller ved ombordstigning.

Frå Stord og Klokkevik: M/S «Sunnhordland»

Bli med M/S «Sunnhordland» frå Leirvik til Torgdagen i Bergen. Ein må gjerne kome til Leirvik, overnatte og bli med laurdag morgon til Bergen. Avgang frå Leirvik 05.30, Klokkevik 09.15 - Bergen 10.30. «Sunnhordland» ligg i Bergen fram til søndag før retur mot Leirvik. Høve til overnatting om bord. Musikk og underholdning.

For tinging og prisar:

Mob. 481 11 800 eller post@mssunnhordland.no / www.mssunnhordland.no



Velkommen til Torgdagen i Bergen 9 juni 2018

Torgdagen i Bergen har eksistert siden 1977 og me er stolte og takksame for at vi den 9 juni 2018 skal feira Torgdagen for 42. gang.

Torgdagen er ein merkedag for mange. Både eldre og unge enkeltpersoner, lag og organisasjonar står på gjennom heile året for å ta del i Torgdagen. Dagane før arrangementet er mange i full sving for å ha klede, båtar, mat, leikar, salgsvarer og mykje meir klart til sjølve festdagen. Nye generasjonar

er med, og interessa for denne merkedagen er aukande kvart år, noko som er med på å halda liv i kystkulturen.

Vi er heldige som har med oss personar som har fulgt oss i alle desse åra, og dette er verdifullt for Torgdagen i Bergen. Dei er viktige kulturberarar i Hordaland, og har kunnskap om kystkulturen innanfor fleire områder, både musikk, historier, tradisjonsmat og tradisjonshandverk, og ikkje minst stell og bruk av gamle båtar.

På Torgdagen ynskjer vi å gjera bymann og stril stolte over, og trygge på vår kulturelle arv. Vi vil at Torgdagen skal vera ein merkedag for kystkulturen, både som festdag, marknadsplass og som møteplass for kystkulturinteressar på Vestlandet i vid forstand.


Me i styret har ei viktig oppgåve for å ivareta Torgdagen i Bergen. Stor takk går til Sigrd Marthe Kleppevik, Anne Grethe Aase Eide, Nils Harald Lie, Ludvig Daa Lampe, Rolf Vonka, Ole Christian Næss og Kjell Magnus Økland

for flott dugnadsånd i år. Vi vil også retta ein stor takk til alle dykk som åra før oss har danna eit godt og solid grunnlag for Torgdagen i Bergen.

Kom og nyt dagen med oss – både bymann og stril!

Svein Tore Solsvik
Styreleiar
Torgdagen i Bergen

Oversiktskart Torgdagen 2018



PROGRAMMET på scenen TORGDAGEN 9 . JUNI 2018

Innslag	11.00	Styreleiar ønsker velkommen og presenterer styret i Torgdagen og dagens konferansier, Anita Heggholmen	11	12.25	Shanty-koret Navy Vokalis
			12	12.45	Konvålgruppa m/ Jimmy Øvredal syng og spelar
1	11.03	Opning av Torgdagen ved Harald Stanghelle		13.05	Pause
2	11.10	Torgsangen- Kor Mix stemmer i		13.20	Roregatta på Vågen
3	11.15	Kystpilegrimsleia: tale ved Hordaland fylkeskommunes kulturutvalsleiar, Beate Husa	13	14.00	Strileringen dansar folkedans
4	11.20	Kor mix stemmer i	14	14.20	Bergen Shanty Kor
5	11.25	Kystpilegrimsleia: tale ved biskop Halvard Nordhaug		14.45	Premieutdeling for beste restaurerte båt/finaste klede/kapproinga
6	11.30	Kor mix stemmer i	15	14.50	Linda Fosse heidrar Ivar Medaas
7	11.35	Kystpilegrimsleia: tale ved byråd Anne Elisa Tryti	16	15.15	Chiksa syng og spelar
8	11.40	Kor mix stemmer i	17	15.40	Snais syng og spelar
9	11.50	Ungdomsinnslag I: Halvard Østervold syng og spelar tre viser	18	16.00	Styreleiar takkar alle som har bidrege til Torgdagen
10	12.05	Ungdoms-innslag II: Brothers Duo, trommeslagarar frå Askøy			



Torgkveld i Strusshamn

Askøy Kystlag inviterer til
Torgkveld i Strusshamn
laurdag 9. juni frå ca. kl. 1900.
På Holmen blir det sal av
Bacalao og Betasuppe med
tilbehør. Sal av ulike
forfriskningar, medbrakt
drikke er ikkje tillatt. Det vert
både korsong, allsang og god
stemning.

Me stöttar Torgdagen:

Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, Sparebanken Vest, Øygarden kommune, Askøy kommune, Fjell kommune, Sund kommune, Stiftelsen Neptun, Westfal Larsen Shipping, Oluf Bjørneseth og Hustru Marie Bjørneseth Født Knudsens Fond til Bergen Bys Vel, Bergen og Omland Havnevesen, Fjordabaatane, Kystsogevekene, Sotra Gruppen, Lie Gruppen, B. Telle, Fiskeri Bladet, Misje Rederei, Lions Austevoll, Scandic Strand Hotell, Hotel Augustin, H. Østervold, P/R Johrema ANS, Egeland Elektro AS, Spar Steinsland, Endre Dyroy AS, Østerbris, Vest Fiskarlag og Leknes Containerservice.

Opne fjordabátturar í júní og júlí

MS Sunnhordland

28. juni Tur til Kråko i Fitjar med ølsmaking på ELØ sitt bryggeri.

Avreise frå Leirvik	kl.	18.00
Frammøte seinast	kl.	17.30
Avreise frå Kråko	kl.	22.00
Ankomst Leirvik	kl.	23.00

15. juli Tur til Pippi-festivalen i Skånevik

Avgang Leirvik	kl.	12.00
Retur frå Skånevik	kl.	17.00
Ankomst Leirvik	ca. kl.	19.00
Meir info på www.mssunnhordland.no		



DS Oster

17. juni, 24. juni, 1. juli og 8. juli Bergen-Lygra/Sletta

Frå Bergen kl.1000, Salhus kl.1100, Frekhaug kl.1115,
Lygra kl.1245, Sletta kl.1315.

Frå Sletta kl.1515, **Lygra** kl.1545, **Frekhaug** kl.1730,
Salhus kl.1745, **Bergen** kl.1845.
 Meir info på www.oster.no



DS Stord 1

10. juni, 1. juli, 22. juli, 12. august og 26. august: Som å reisa i gamle dagar – rundtur med båt, tog og buss

Start med dampskip:

Avgang Holbergskaien	kl.	11.15	(D/S Stord 1)
Avgang Garnes Stasjon	kl.	14.30	(Veterantog)
Avgang Midttun Stasjon	kl.	15.40	(Veteranbuss)
Ankomst Holbergskaien	kl.	16.30	

Start med veteranbuss:

Avgang Holbergskaien	kl.	11.30	(Veteranbuss)
Avgang Midttun Stasjon	kl.	12.30	(Veterantog)
Avgang Garnes stasjon	kl.	14.15	(D/S Stord 1)
Ankomst Holbergskaien	kl.	16.30	

Meir info på www.stord1.ticketco.events/no



MS Midthordland

23. juni Frå Baldersheim og Os til Vinnesfestivalen

Avgang Baldersheim	kl.	18.00
Avgang Osøyro	kl.	19.15
Ankomst Vinnes	kl.	20.00

Retur frå Vinnes	kl.	01.45
Ankomst Os	kl.	02.15
Ankomst Baldersheim	kl.	03.15

12. juni Frå Osøyro til Våge, Tysnesfest

Avgang Os	kl.	18.00
Ankomst Våge	kl.	19.00
Avgang Våge	kl.	02.15
Ankomst Os	kl.	03.15

Meir info på www.midthordland.no og www.mds.ticketco.events/no



UT MOT HAVET – 16. – 29. JULI

14. dagers prøvetokt med M/S «Granvin» i kombinasjon med NORLEDs snøggbåter.

Tilbud til reisende fra Bergen:

Mandager – onsdager – fredager.

Norled hurtigbåt fra Strandkaiaen 08:10 – til Bekkjarvik.

«Granvin» fra Bekkjarvik 09:30, Fitjar 10:15 *

Brandasund 11:30 – 12:45, gjennom Kuleseidkanalen – til Leirvik 16:45

Norled fra Leirvik 17:00 – til Bergen 18:55.

* Mulighet for besøk på Engesund Visningsanlegg for laks, og nå «Granvin» igjen i Brandasund.

Tirsdager – torsdager.

Norled hurtigbåt fra Strandkaiaen 08:10 – til Leirvik.

«Granvin» fra Leirvik 10:30 via Kuleseidkanalen til Brandasund 15:00 – 16:30 **

Til Bekkjarvik 17:30.

Norled fra Bekkjarvik 17:50 – til Bergen 18:55

** Mulighet for besøk på Slåtterøy fyr.

Søndager.

Nyt søndagsmiddagen på Bekkjarvik Gjestgiveri eller Haaheim Gård.

Norled fra Strandkaiaen 12:45 til Hufthamar.

«Granvin» fra Hufthamar 13:45 – til Bekkjarvik 14:30 – til Uggdalseidet /

Haaheim Gård 15:30.

Fra Uggdalseidet 18:00 – til Bekkjarvik 19:00.

Norled fra Bekkjarvik 17:05 / 19:15 – til Bergen 18:10 / 20:20.

Tilbud til reisende fra Austevoll:

Mandager , onsdager, fredager .

«Granvin» fra Bekkjarvik 09:30 via Fitjar og Brandasund – til Leirvik 16:45.

Norled fra Leirvik 17:00 – til Bekkjarvik 17:50

Tirsdager og torsdager

Norled fra Bekkjarvik 09:15 til Leirvik – «Granvin» fra Leirvik via Brandasund

– til Bekkjarvik 17:30.

Søndager

«Granvin» fra Bekkjarvik 14:30 – til Uggdalseidet / Haaheim Gård 15:30.

Retur 18:00 – til Bekkjarvik 19:00.

Tilbud til reisende fra Fitjar:

Mandager, onsdager, fredag.

«Granvin» fra Fitjar, via Bandasund – Kuleseidkanalen – til Leirvik 16:45.

Buss fra Leirvik 16:50 – til Fitjar 17:25. / Eller ta gratis med sykkel og sykle

tilbake til Fitjar.

Tilbud til reisende fra Leirvik

Lørdager

«Granvin» fra Leirvik 10:00, Mosterhamn 10:45 – gjennom Kuleseidkanalen.

Espevær 13:15 – 15:30. Retur til Mosterhamn 17:20 – Leirvik 18:15.

Mandager, onsdager, fredager.

Buss fra Leirvik 08:55 – til Fitjar 09:30 / Eller sykle Leirvik – Fitjar

«Granvin» fra Fitjar 10:15 – via Brandasund og Kuleseidkanalen – til Leirvik 16:45.

NB! I skrivende stund er ikke billettpriser og salg bestemt.



Velkommen til Kystsogevekene 2018!

Det er duka for ei stormønstringa av kystkultur med den 22. utgåva av Kystsogevekene. Arrangementa bind saman kystkommunane gjennom å løfte fram vår felles kulturarv og halde den levande i samtida. Gjennom hundretals små og store arrangement, vert kystkulturen synt fram i all sin breidde. Det vert lagt ned ein imponerende dagnadsinnsats i dei 22 kommunane, eg takkar kvar og ein for innsatsen.

Opninga er i år lagt til Vestlandshovudstaden Bergen. Midt under Fjordsteam 2018 laurdag 4. august. Dette vert ein folkefest med veteranbåtar og yrande folkeliv for både bergensar og stril. Opninga passar som hand i hanske med Kystsogevekene sin ambisjon om å gjere kystkulturen meir tilgjengeleg gjennom aktivitet og oppleving. Denne gongen er veteranbåtar og veterankøyretøy på land i sentrum. For fyrste gong får me også ei offisiell avslutning av Kystsogevekene under Skutefesten i Rosendal i Kvinnherad, som vert arrangert frå 14.-16. september.

Kystsogevekene er inne i ein fase med nytenking og utvikling. Kommune- og regionsreforma inneber parallelt at ramma rundt er i endring. For å sikre at Kystsogevekene held fram med å vere relevant lyt stiftinga tilpasse seg. Ein sterk kystkultur er ein fellesnemnar i det nye fylket, med det som utgangspunkt kan det byggjast vidare på det

potensialet som alt fins i Kystsogevekene. Representantskapet har gjeve styret mandat til å arbeide vidare med utviding som følgje av regionreforma og dei konsekvensane kommunereforma får for noverande medlemmar. Dagleg leiar Kjell Magnus Økland har alt vore på ein tredagars tur til Leikanger, Førde, Florø og Dale for å informere om Kystsogevekene og knyte kontaktar. Dette arbeidet vil halda fram til hausten og vinteren.

Programheftet og heimesida www.kystsogevekene.no er fornya. Korte filmsnuttar er ein del av denne fornyinga og er med å gjere kystkulturen tilgjengeleg for eit breiare publikum. Kjell Magnus Økland legg i samspel med den einskilde kommune og samarbeidspartnarar fram eit mangfaldig og ramsalt program! Studer programmet – og ta del i arrangementa!

Vel møtt til årets Kystsogeveker!

Børge Haugetun
Styreleiar
Stiftinga
Kystsogevekene



Opning av Kystsogevekene under Fjordsteam laurdag 4. august

10:00-11:00:	Veteranskip og veteranbusser i rute til byd'n, ankomst Vågen før 1100		Distanse 450 meter = ca 3 minutt's roing Frå fredag til sundag kan robåtane liggja fortøyd i Bradbenkshopen Der vert det spent opp tau på tvers av hopen som båtane kan fortøyast i
11:00-16:00:	Marknadsdag, Bilfri Bryggen, Bondens Marknad, utstillingar, klenodier, demonstrasjonar, handverk		I: skipsgiggar/venjabåtar med HSD, FSF, Rogaland og Brannmannskap
1100:	MS Granvin klappar til kais til song ved Seim Songkor som er om bord utkledd som tablå av gamle dagar med last av høns, sau, Knops slåmaskin og andre strilaeffektar	(12:35)	II: Seksæringar/åttringar med veteranbåtmannskap
11:15	Offisiell opning av Kystsogevekene 2018 på scenen på Bryggen	(12:55)	III færingar med kystlagsmannskap
(11:20)	Velkomsthelsing frå Bergen kommune ved kulturbyråd Julie Andersland	13:30-14:15:	Parade med historiske køyrety
(11:30)	Innslag ved Claus Sellevoll og pianist Harald Dahlstrøm – Ivar Medaas	14:30:	Innslag ved Seim Songkor – Sang for kaproere
(11:35)	Helsing frå Hordaland Fylkeskommune ved fylkesordfører Anne Gine Hestetun	(14:35)	Premieutdeling for kapproinga frå scenen på Bryggen
(11:45)	Innslag ved Claus Sellevoll og pianist Harald Dahlstrøm – Ivar Medaas	(14:45)	Innslag ved Seim Songkor
(11:50)	Helsing frå styreleiar i Stiftinga Kystsogevekene, Børge Haugetun	Ferdig ca. 14:50	
(11:50)	Konsert ved Reidar Konglevoll & Andreas Westermoen Kvintett – Jazz på Strilamål	15:00:	Felles avgang for veteranbåtane
Ferdig ca. 12:20		15:30-17:30:	Cruise på Byfjorden, representasjonsmiddag for offisielle gjester av
12:30-13:15:	Kapproing på Vågen med 3 klassar:		Fjordsteam og Kystsogevekene om bord på MS Sunnhordland
	Start ved sørenden av Festningskaiaen/nordre enden av Holbergskaiaen	18:30:	Innslag ved Vivian Steinsland
	Mål ved Shetlands Larsens Brygge/sørenden av Strandkaia terminalen	20:00	Konsert på hovedscenen: Get Rhytm
		2400:	Festmiddag for mannskap og andre deltakarar i Håkonshallen
			God natt, felles fløyting

Velkommen til Fjordsteam 2.-5. august! Kultur - Nostalgi - Folkefest

Det er en stor glede å ønske velkommen til en folkefest over fire dager med fantastiske opplevelser. Fjordsteam er kultur, nostalgi, damp og folkefest i og rundt Bergen havn med en rekke klenodier på sjø og land: Veteranfartøyer, dampkjøretøyer, veteranbiler, veteranbusser og veteranbrannbiler, motorer, landbruksmaskiner og militærkjøretøyer. På land vil det også bli et høyt aktivitetsnivå med blant annet markeder, konserter, underholdning, håndverk og aktiviteter for både små og store.

Fjordsteam viser fram et stort mangfold historiske og verneverdige fartøyer. Dette er flytende kulturminner som holdes vedlike og i drift gjennom entusiasme og tusenvis av frivillige timer i forskjellige lag langs hele kysten vår, og ikke minst i Bergensområdet, som også har stor aktivitet når det gjelder å ta vare på landbaserte tekniske kulturminner. I år samles et historisk høyt antall fartøyer i Bergen Havn, med mer enn 70 verneverdige og fredete fartøyer – både damp og diesel både på vann og land. Ikke siden 1950-tallet har det vært samlet så mange dampbåter på Bergen Havn. Disse fartøyene kommer fra fjern og nær, hele

norskekysten fra Oslofjorden til Finnmark. I tillegg vil dampbåter fra Tyskland og Holland delta. Når man tenker over aksjonsområdet som disse fartøyene har operert i, så er de fleste verdenshav og verdensdeler representert.

Bergen Havn er hovedarenaen med båter som frakter sine passasjerer *te bydn* med rutestart fra blant annet Leirvik,



Rosendal, Bekkjarkvik, Fedje, Skjerjehamn og Osterfjorden med anløp av 20 ulike kommuner. Da vil man fornemme noe av den rutetrafikken som var så sentral i samferdselen på Vestlandet for vel en generasjon siden.

Fjordsteam AS er eid av Fjordabaatane, Bergen Brandkorps Historielag, Bergen Veteranvogn Klubb og Tide Veteranbusser, og har i år tett samarbeid med Kystsovekevene, som har lagt sin offisielle åpning til lørdagen under Fjordsteam.

Fjordsteam takker alle våre sponsorer, støttespillere og samarbeidspartnere for villig hjelp i arbeidet med å lage tidenes veteranbåtfest i Bergen tuftet på damp, diesel og dugnad.

Hilsen
Øyvind Konglevoll
Leder, Fjordsteam Bergen 2018.

Ruter til Fjordsteam 02.08.18

- Takster: T 5 300.- / T 4 = kr. 200.- / T 3 = kr. 150.- / T 2 = kr. 100.- / T 1 = kr. 50.- / Barn 4 – 16 ½ pris
- Norled snøggbåt fra Bergen 08.10 – Bekkjarkvik 09.15 – Rubbestadneset 09.45 - Leirvik 10.07
- Norled snøggbåt fra Bergen 12.15 – Hufthamar 13.03 - Bekkjarkvik 13.20
- Norled expressbåt fra Bergen 08:00 til Skjerjehamn 09:15 – Soleibotn 09:30
- Rødne hurtigbåt fra Bergen 08:50 – til Rosendal 10:45.



Rute 01.02	M/S «Sunnhordland» / 180 pass	11 knop
Fra Leirvik	T 5	11:30
Fra Rubbestadneset	T 5	13:00
Fra Fitjar	T 4	14:00
Til Bergen		17:30

Rute 02.02	M/S «Rogaland» / 100 pass	10 knop
Fra Leirvik	T 5	10:15
Fra Sævareid	T 4	14:00
Til Bergen		17:30

Rute 03.02	M/S «Midthordland» / 150 pass	9 knop
Fra Eikelandssosn	T 4	13:00
Fra Os	T 4	14:00
Fra Vedholmen	T 3	14:45
Fra Hjellesstad	T 2	16:00
Fra Flesland	T 2	16:30
Fra Kleppstø	T 1	17:15
Til Bergen		17:30

Rute 04.02	M/S «Riskafjord II» / 100 pass	9 knop
Fra Bekkjarkvik	T 4	13:30
Fra Lerøy	T 3	15:15
Fra Bjørøyhamn	T 2	16:00
Fra Alvøen	T 2	16:30
Fra Strusshamn	T 1	17:00
Til Bergen		17:30

Rute 05.02	M/S «Granvin» / 80 pass	9 knop
Fra Leirvik	T 5	09:30
Fra Rubbestadneset	T 5	10:45
Fra Brandasund	T 4	12:00
Fra Kvalvåg, Stolmen	T 4	13:00
Fra Møgster	T 4	13:45
Fra Bakkasund	T 3	14:30
Fra Klokkekarvik	T 3	15:45
Til Bergen		17:30

Rute 06.02	S/S «George Stephenson»/25 pass	9 knop
Fra Bekkjarkvik	T 4	13:30
Fra Hufthamar	T 4	14:30
Til Bergen		17:30

Rute 07.02	D/S «Southern Actor» / 60 pass	10 knop
Fra Storebo	T 4	14:30
Fra Skogsvåg / Skaganeset	T 3	16:00
Til Bergen		17:30

Rute 08.02	M/S «Børøysund» / 99 pass	8 knop
Fra Bekkjarkvik	T 4	13:30
Fra Austevollshella	T 4	14:30
Fra Brattholmen	T 2	16:30
Til Bergen		17:30

Rute 09.02	D/S «Styrbjørn» / 12 pass	9 knop
Fra Bekkjarkvik		10:30
Til Bergen		14:00

Rute 10.02	D/S «Stord 1» / 99 pass	9 knop
Fra Rosendal	T 5	11:00
Fra Malkenes	T 4	13:00
Fra Våge	T 4	14:00
Til Bergen		17:30

Rute 11.02	M/S ATLØY / 60 pass	9 knop
Fra Eivindvik	T 5	10:00
Fra Soleibotn	T 5	10:15
Fra Skjerjehamn	T 5	11:00
Fra Furnes	T 5	12:00
Fra Sløvåg	T 4	12:30
Fra Mastrevik	T 4	13:00
Fra Sletta	T 4	14:00
Fra Feste	T 4	15:00
Fra Frekhaug	T 2	16:30
Til Bergen		17:30

Rute 12.02	M/S GAMLE MÅRØY / 70 pass	9 knop
Fra Skjerjehamn	T 5	11:00
Fra Mjømna	T 5	11:30
Fra Vardetangen	T 4	12:45
Til Lygra kai		13:30
Fra Lygra kai	T 4	14:45
Fra Knarvik	T 2	16:15
Til Bergen		17:30

Rute 13.02	M/S NYBAKK / 12 pass	9 knop
Fra Fedje	T 5	13:00
Fra Hoplandssjøen	T 4	14:00
Til Bergen		17:30

Rute 14.02	M/S HAUGEFIK / 45 pass	9 knop
Fra Fedje		11:00
Fra Ovågen		15:00
Fra Herdla - Sundet		15:30

Rute 15.02	M/S HINDHOLMEN / 60 pass	9 knop
Fra Fedje	T 5	11:00
Til Ovågen		13:00
Fra Ovågen	T 4	15:00
Holmeknappen	T 2	16:00
Fra Hanevik	T 2	16:15
Til Byfjorden		17:30

Rute 16.02	M/S VESTGAR / 100 pass	11 knop
Fra Solsvik	T 4	15:00
Fra Turøy	T 4	15:15
Fra Misje	T 3	15:30
Fra Vindenes	T 2	16:00
Fra Geitanger	T 2	16:30
Fra Kleppstø	T 1	17:00
Til Byfjorden		17:30

Rute 17.02	D/S OSTER / 99 pass	8 knop
Fra Ostereidet	T 4	14:00
Fra Hosanger	T 4	14:30
Fra Eknesvåg	T 4	15:00
Fra Leknestangen	T 3	15:30
Fra Hamre	T 2	16:00
Fra Salhus	T 2	16:30
Til Byfjorden		17:30

Rute 18.02	R/S RAGNHILD SCHANKE / 12 pass	9 knop
Fra Vikanes	T 4	14:00
Fra Molvik	T 4	14:40
Fra Tysse	T 4	15:00
Til Byfjorden		17:30

Rute 19.02	M/S LINDENES / 100 pass	8 knop
Fra Varaldsøy	T 5	11:00
Fra Gjermundshavn	T 5	11:15
Fra Årbakka	T 4	13:00
Fra Nortveitgrend	T 4	14:00
Til Byfjorden		17:30

Program for Fjordsteam 2018

Onsdag 1. august

Samling for samseiling: Leirvik - havnefest, Bekkjarkvik, Fedje, Skjerjehamn

Torsdag 2. august

12:00 – 13:00	Bergen Brandkorps Musikkorps – konsert Torgallmenningen
13:00 – 17:00	Veteranskipp i rute til Fjordsteam – 19 fartøyer anløper 20 kommuner.
17:30 – 20:30	Innseilingsparade / Åpningsseremoni
17:30 – 18:00	Innseiling småbåter – oppvarming med Bergen Brandkorps
18:00 – 19:00	Innseilingsparade
19:00 – 19:30	Åpningsseremoni med taler
19:30 – 19:35	Overrekkelse av skipsklokke til D/S «Stavens»
19:35 – 20:20	Konsert med Sigrid Moldestad

Fredag 3. august

09:00 – 12:00	Fartøyvernseminar om bord i M/S SUNNHORDLAND
12:00 – 13:00	Korpskonsert på Torgallmenningen: Bergen Embajoure Ensemble
10:00 – 13:00	Åpent hus gamle Hovedbrandstasjonen / Skansen
11:00 – 13:00	Rundtur Vågen – over Munkebotn – Eidsvåg t/r / snutebuss og fjordabåt.
14:00 – 16:00	Rundturer Vågen – Solheimsviken – veteranbåt / veteranbil
18:00 – 19:00	Historiske brannutrykninger
21:00 – 22:00	Hovedscenen Bryggen: Vista Social Club
20:00 – 23:00	Kveldsturer med musikk:
	D/S «Stord 1» - Jazz-cruise: Alverflaten Tradband.
	M/S «Rogaland» - Blues-cruise: Big Men Bluesband
	M/S «Vestgar» - Johannes Kleppevik – cruise: Hummer & Canary
	M/S «Midthordland» - Rocke-cruise: The Crew

Lørdag 4. august

08:00 – 11:00	Veteranskipp og busser i rute til Byd'n
11:00 – 16:00	Bondens marked, utstilling, demonstrasjoner, håndverk
11:15	Åpning av Kystsovekevene
11:30 – 12:30	Underholdning på hovedscenen Claus Sellevold – Strilajazz
12:30 – 13:30	Kapprising på Vågen
13:30 – 14:15	Kjøretøyparade
14:30	Premieutdeling kapprising
14:45 – 14:59	Minikonsert Seim Songlag
15:00	Felles fjordabåtavgang
16:30 – 17:30	Konsert hovedscene: Alverflaten Jazzband
18:30 – 19:30	Konsert hovedscene: Get Rhythm
24:00	Fyrverkeri – Skipsfloyter

Søndag 5. august

08:45 – 14:30	Rundtur dampskip – damptog – veteranbuss. Bergen – Garnes - Midtun – Bergen.
08:45 – 14:30	Kyrkjeferd til Hamre med «Atløy», «Granvin» og «Vestgar».
14:00	Kapprising på Byfjorden
14:30 – 15:00	Avslutning av Fjordsteam

Maritime foredrag om bord i D/S «Hestmanden»

Fre / 11:30	Sjøfolk i konvoifart under 1. og 2. verdenskrig
Fre / 14:00	Mari Arnekleiv Bækkelund
Fre / 16:00	Eksplisjonsulykken 20. april 1944 Einar K. Gjessing
Lør / 11:30	Fartøyvernstrenene i Norge Geir Madsen/Åsmund Kristiansen
	Sjøfolk i konvoifart under 1. og 2. verdenskrig
	Mari Arnekleiv Bækkelund
Lør / 14:00	Dei kom tilbake – veteranferjer og fjordabåter Harald Sætre
Søn / 11:30	Om agentbåter Dag Bakka Jr.
Søn / 14:00	Sjøfolk i konvoifart under 1. og 2. verdenskrig
	Mari Arnekleiv Bækkelund

www.fjordsteam.no / Forhåndskjøp av billetter:
www.ticketco.no - Fjordsteam



Foto: Roy A. Nilsen

Ruter / turer Fredag 3. august.

Nr.	Tur	Takst
01.03	M/S GRANVIN, M/S ATLØY Fra Bryggen 11:00 via Sandviksflaket, rundt Eidsvågsneset til Eidsvåg 12:00 Retur med veteranbuss over Munkebotn til Bryggen 13:00	
02.03	Veteranbuss fra Bergen 11.00 over Munkebotn til Eidsvåg. Retur med veteranbåt tilbake til Bryggen 13:00.	T 3
03.03	Fra Bryggen 14:00 med GEORGE STEPHENSON, , ARNEFJORD, FAUN, FAUN via Sandviksflaket, Verftet, Damsgård, til Solheimsviken – retur med trikken.	T3
04.03	Kveldscruise: Fra Bryggen 20:00 – 23:00 – Eidsvågen – Askøy – Bryggen. M/S VESTGAR – Kleppevik - musikk	T 2
05.03	Kveldscruise med musikk 20:00 – 23:00. M/S MIDTHORDLAND	250.- / BT – rabatt: 200.-
07.03	Kveldscruise med musikk D/S STORD 1	250.- / BT – rabatt: 200.-
08.03	Kveldscruise med musikk M/S ROGALAND GEORGE STEPHENSON – 1 times turer: 10:00, 12:00, – 16:00.	250.- / BT – rabatt: 200.- T 2



Foto: Roy A. Nilsen

Ruter lørdag 4. august

Nr.	Båt	Rute	Takst
01.04	GAMLE MÅRØY	Fra Klokkekarvik 09:00 Fra Skogsvåg – Skaganeset 09:30 Fra Brattholmen 10:15 Til Bergen 11:00	T 2 T 2
02.04	M/S MIDTHORDLAND	Fra Fanafjorden, Hordamuseet 08:30 Fra Hjeltestad 09:15 Fra Flesland 09:45 Fra Alvøen 10:15 Fra Kleppestø 10:40 Til Bergen 11:00	T 3 T 3 T 2 T 2
03.04	M/S LINDENES	Fra Solsvik 09:00 Fra Vindenes 09:45 Til Bergen 11:00	T 3 T 2
04.04	M/S VESTGAR	Fra Turøy 09:00 Fra Misje 09:15 Fra Heltlevik 09:45 Fra Geitanger 10:00 Fra Anglevik 10:15 Til Bergen	T 3 T 3 T 2 T 2 T 2
05.04	M/S ATLØY	Fra Herdla 11:00 Fra Holmeknappen 09:00 Fra Hanevik 09:45 Til Bergen 10:00 11:00	T 3 T 2 T 2 T 2
06.04	M/S GRANVIN	Fra Sletta 08:00 Fra Lygra flytekal 08:20 Fra Feste 08:45 Fra Knarvik 10:00 Til Bergen	T 3 T 3 T 3 T 2
07.04	M/S RISKAFJORD	Fra Valestrand 11:00 Fra Hylkje 09:00 Fra Steinestø 09:20 Fra Tellevik 09:30 Fra Flatøy Aust 09:45 Til Bergen 10:00 11:00	T 3 T 2 T 2 T 2 T 2
08.04	D/S STORD 1	Fra Frekhaug 10:00 Til Bergen	T 2
09.04	D/S OSTER	Fra Ostereidet 11:00 Fra Hosanger 07:00 Fra Eknesvåg 07:30 Fra Leknestangen 08:00 Fra Hamre 08:30 Fra Salhus 09:00 Til Bergen 10:00 11:00	T 4 T 4 T 4 T 3 T 2 T 2
10.04	S/S GEORGE STEPHENSON	Fra Eidsvåg 11:00 Til Bergen	T 2
11.04	M/S GAMLE MÅRØY	Fra Bergen 15:00 til Brattholmen 15:45 til Skogsvåg 16:30 til Klokkekarvik 17:00 Tom retur til Bergen	T2 T2 T3
12.04	M/S MIDTHORDLAND	Fra Bergen 15:00 til Brattholmen T2, Flesland T 2, Hjeltestad T 2, Fanafjorden T3	
13.04	M/S LINDENES	Fra Bergen 15:00 til Vindenes T 2, Solsvik T 3	
14.04	M/S GAMLE MÅRØY	Fra Bergen 15:00 til Anglevik T2, Geitanger T 2, Misje T 2, Turøy T3	
15.04	M/S ATLØY	Fra Bergen 15:00 til Hanevik T2, Holmeknappen T2, Herdla T 3	
16.04	M/S GRANVIN	Fra Bergen 15:00 til Salhus T2, Feste T3, Lygra T 3, Sletta T3.	
17.04	M/S RISKAFJORD	Fra Bergen 15:00 til Flatøy Aust T2, Tellevik T 2, Steinestø T2, Hylkje T 2, Valestrand T 3	
18.04	D/S STORD 1	Fra Bergen 15:00 til Frekhaug T2	
19.04	D/S OSTER	Fra Bergen 15:00 til Salhus 16:00 til Hamre 16:20 til Leknestangen* 16:45 * -veteranbuss til Eknesvåg og Ostereidet. til Hosanger 17.15 Tom retur	T2 T2 T3 T4
20.04	S/S GEORGE STEPHENSON	Fra Bergen 15:00 til Eidsvåg T 1	T2



Foto: Tom Gräger



Foto: Roy A. Nilsen

Ruter søndag 5. august

Rute 01.05	D/S STORD 1, D/S BØRØYSUND, D/S OSTER Fra Bryggen 09.00 til Garnes 11.00. Dampskog fra Garnes 11:30 til Midttun 12:30. Veteranbuss fra Midttun 13:00 til Bergen – til Helleveien for å se Kapprace.	500.- BT pris 400.-
Rute 02.05	Veteranbuss fra Bryggen 09:15 til Midttun. Dampskog 10:00 fra Midttun til Garnes 11:00 . Dampskip fra Garnes 12:00 - Kapprace. Ankomst Bergen 14:30.	500.- BT-pris 400.-
Rute 03.05	Kyrkejeferd til Hamre t/r M/S GRANVIN Fra Bryggen 08.45 Fra Eidsvåg 09.30 Fra Steinestø 10.15 Til Hamre 10.30 Retur kl. 13.00	T 4 T 4 T 2
Rute 04.05	Kyrkejeferd til Hamre t/r M/S VESTGAR Fra Bryggen 09.00 Fra Breivik 09.15 Fra Salhus 10.15 Til Hamre 10.30 Retur kl. 13:00	T 4 T 4 T 2
Rute 05.05	Kyrkejeferd til Hamre t/r M/S ATLØY Fra Bryggen 09.00 Fra Frekhaug 10.00 Fra Tellevik 10.15 Til Hamre 10.30 Retur kl. 13:00	T 3 T 2 T 2
Rute 06.05	M/S ROGALAND Fra Bergen kl. 10.00 til Garnes t/r. Kapprace på Byfjorden	T 5 / BT – rabatt: 250.-
Rute 07.08	M/S SUNNHORDLAND Fra Bergen 10.00 til Garnes t/r. Kapprace på Byfjorden	T 5 / BT – rabatt: 250.-
Rute 08.05	M/S SANDNES Fra Bergen 10.00 til Garnes t/r. Kapprace på Byfjorden	T 5 / BT – rabatt: 250.-
Rute 09.05	S/S GEORGE STEPHENSON Fra Bergen 10.00 til Garnes t/r. Kapprace på Byfjorden	T 5 / Bt – rabatt: 250.-
Rute 10.05	M/S GAMLE MÅRØY Kapprace på Byfjorden: 13:00 – 14:30	T 2
Rute 11.05	M/S RISKAFJORD II Kapprace på Byfjorden: 13:00 – 14:30	T 2
Rute 12.05	M/S HINDHOLMEN Kapprace på Byfjorden: 13:00 . 14:30	13:00 . 14.30
Rute 13.05	M/S HAUGEFIKSK Kapprace på Byfjorden: 13:00 – 14:30	13:00 . 14.30



Gulen

- historisk og framtidsretta

Gulen kommune med sine 1500 øyer, holmer og skjær er ein typisk kystkommune der sjøen alltid har vore ein viktig del av samfunnet. Både som inntektskjelde, men også som framkomstveg. Heilt frå vikingtida og Gulatinget, som hadde si samling her kvart år frå kring år 900 til 1300, til no med oppdrett og tradisjonelt fiske. Her er mykje som skjer framover av Kystsogevekene sitt program. Besøk gjerne Gulatinget,

Fiskarbondemuseet på Byrknes, Sellevåg Treskofabrikk og mykje meir, som ein fjelltur til kommunens høgste fjell, Svaffellet og vidare inn mot Stølsheimen. Ein tur i solskinn ute mellom øyane i kajakk eller med rutebåten er også verdt eit besøk. Opplev Gulen «Historisk og framtidsretta.»

Hallvard Oppedal, ordførar



Padletur: Helgetur til Mjømna

Freitag 14. september 2018 Kl. 1800—16. september 2018 Kl. 1600

Oppmøte ved Mjømna Camping. **Ta med det du treng for ein helgetur inklusiv kajakk.** Mat, drikke, klede og utstyr for tredagars tur. Nærare informasjon vert sendt ut til dei påmeldte.

Påmelding/kontaktperson: Arne Færøy tlf. 92491487

Oppdatert info på www.nordhordland.dnt.no

Arr. Nordhordland Turlag

Omvisning Eivindvik (grupper etter avtale)

Tema: Prost Dahl, Henrik Wergeland og Gulatinget eldste tingstad gjennom 400 år (45 minuttar)

Her finn du og «Herresalen» der **Henrik Wergeland** budde då han vitja den legendariske prosten **Nils Griis Alstrup Dahl** og skreiv diktet "Eivindvik".

Eivindvik er ellers ei vakker hamn med eigen gjestebrygge. For turgåarar kan staden tilby eit eldorado av godt merka turløyper i fjellet. Om du likar Geocaching har vi i fleire «**Ting**»-postar kring Gulatinget.

Omvisingar må tingast på tlf: 57782006 / 975 24 098 eller e-post: gulatinget@gulen.kommune.no

Meir info på www.gulatinget.no

Utstillinger/omvisningar på Gulating og i Eivindvik

Omvisning Tusenårsstaden Gulatinget (grupper etter avtale)

Tema: Gulatinget, Gulatingslova, tingsamling i vikingtid, Leidangen og kunstverka til Bård Breivik (45 min)

Gulatinget var det største lagtinget i Norge frå 900 til 1300 A.D. Tinget var lovgjevande, utøvande og dømmende makt, der lovområdet femna heile kysten, samt Hallingdal, Setesdal og Valdres.

Meir info på www.gulatinget.no



Masfjorden

Helsing til Kystsogevekene

Gjennom alle tider har fjorden vore viktig for innbyggjarane i Masfjorden. No er fjorden mest brukt til rekreasjon, tidlegare var det stor trafikk både med fiskebåtar og sandskuter her. Masfjorden har teke vare på si maritime historie gjennom ei flott utstilling av båtar og sjøbruksreiskapar i det gamle nothuset på Sandnes. Der kan du drøyma deg attende til den tid

tjørebreidde båtar og råsegl rådde grunnen. Dei fleste båtane i samlinga er bygde her i fjorden, då her var mange båtbyggjarar og rikeleg med fureskog. Nothuset blir brukt til konsertar kvart år i kystsogevekene. Då er og samlingane opne for publikum. Me ynskjer deg velkomen til Masfjorden - her vil du trivast!

Karstein Totland, ordførar



PROGRAM

Konsert med STOP

Laurdag 11. august 2018 Kl. 1900

Det blir konsert i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling i nothuset på Masfjordnes kl 19 med orkesteret **STOP** som spelar dansemusikk frå 1960, 70 og 80-talet. Arr. Sommarscena Masfjordnes

Bjørn West-marsjen

Søndag 19. august 2018 Kl. 0800— 1800

Bjørn West Marsjen er til minne om motstandsgruppa Bjørn West som held til i Masfjordfjella siste halvåret under andre verdskrig. Marsjen går i området der dei siste kampane i Europa fann stad, frå Littlematrestølen til Stordalen. Dette er ein god tur på ca. 15 kilometer. Den korte løypa bringar eit anna perspektiv inn, og dei to marsjane utfyller derfor kvarandre godt i forhold til minnemarkering over dei krigshandlingar som fann stad. Begge løypene har same innkøst ved Stordalen Fjellstove, og arrangementa i etterkant er felles for alle marsj-deltakarane. Begge turane blir premiert likt med diplom og T-skjorte. Meir info kjem på www.kystsogevekene.no Arr. Rådet for Bjørn West-marsjen

Kulturbesøk frå Shetland

Onsdag 22. august 2018 Kl. 1600— 2200

På Sandneskafeen blir det føredrag om Shetland og handverk ved **Karin Flatøy Svarstad**. Servering av lokal mat, utveksling av handverksteknikkar, konsert og jam. Arr. Karin Flatøy Svarstad

Konsert med Jon Solberg & Anders Røine

Laurdag 25. august 2018 Kl. 1900 i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling i nothuset på Masfjordnes.

Arr. Sommarscena Masfjordnes

Kom deg ut-dag: Aktivitetsdag i Hatlevika

Søndag 2. september 2018 Kl. 1100— 1500

Bli med på kjekk familiedag ved Hatlevik skule- og grendahus. Mykje moro skjer denne søndagen i Hatlevika: **Tur, padling og klatring.** Mat: Niste og drikke til ein god søndagstur. Utstyr: Sko og klede som passar til ver og føre. **Kom deg ut - dagen er ein nasjonal turdag** i regi av Den norske turistforening med over 150 arrangement rundt om i landet. Målet er å få flest mulig ut til gode, felles turopplevelser i eget nærmiljø. Det er gratis å delta! **Maskoten Turbo gler seg til å sjå deg!** Oppdatert info på www.nordhordland.dnt.no Arr. Nordhordland Turlag og Barnas Turlag



Konsert i Sandnes kyrkje

Søndag 9. september 2018 Kl. 1900

Rune Alver og **Inger Johanne** spelar firhendig konsert. Arr. Sommarscena Masfjordnes

Konsert/opplesing med Steinar Hjelmbrække

Laurdag 15. september 2018 Kl. 2000

Steinar Hjelmbrække, låtskrivar, songar og gitarist har konsert og opplesing på Sandneskafeén kl 20. Arr. Sommarscena Masfjordnes

Migrasong - tonane dei bar med seg over havet

Tysdag 18. september 2018 Kl. 1900

Programmet handlar om emigrasjonen til til Nord-Amerika på 1880-talet og songen og kulturen emigrantane hadde med seg i «**bagasjen**». Fylkesmusikar og songar **Reidun Horvei** står sentralt i Migrasong som er ei multimedia framsyning med musikk, forteljing og bilete. På turnéen har Reidun med seg **Øyvind Lyslo** (strengjeinstrument) og **Per Inge Hove** (troorgel). Regi er ved **Tore Nysæter** og bilete er tilrettelagt av **Steffen André Hagen**.

I framsyninga følgjer me Olina (16) og Ananias (17) si reise til Amerika på slutten av 1800-talet. Ein vakker vårdag tok dei englandsbåten frå Bergen til Hull i England, med tog til Liverpool og så over Atlanteren til det lova landet, Amerika. Bagasjen skulle ikkje vega meir enn 75 kg, men songane dei bar med seg vog ingen ting. - Me ønskjer å skildra eit levevis gjennom ulike røyster og miljøskildringar, farga av situasjonen som mange flyktningar og innvandrarar både i USA og Noreg lever under i dag. Gjennom sjøfart og folkevandring vart songen spreidd, før som no. Frå heile verda der menneska kjem i kontakt med kvarande oppstår det nye songar, seier Reidun Horvei. Framsyninga var tinga av Vestnorsk Utvandringssenter og hadde premiere i Emigrantkyrkja på Sletta i Radøy i februar. I mai var framsyninga på turne i Amerika og skal no ut på sin andre turneperiode i Hordaland.

Arr. Sommarscena Masfjordnes





Fedje

- landsbyen i havet

Ei helsing frå Fedje

Fedje sin historie dreier seg mykje om fiske og sjøfart. Heile vestlandskysten hadde fiskarbonden, men på Fedje vart det helst lite bonde og mykje fiskar. Det hadde sjølusagt samanheng med gode fiskeri like i nærleiken. Desse fiskeria har me endå og fiskegrunnane rundt Fedje er mykje nytta, på ein godvêrsdag kan man telja godt med båtar på grunnane. Kvalfangst var lenge viktig på Fedje, men då det vart forbod å eksportera kvalkjøtt frå sesongen 1985/86, fekk fiskeria på Fedje eit kraftig skot for baugen. I dag har me ein fiskebåt, Olavson.

PROGRAM

Åpent fyr- SUP og SUPPE

Laurdag 18. august 2018 Kl. 1700— 1900

Ope fyr med SUP-aktiviteter i fyrsundet. Kafe med sal av sveler og fiskesuppe. Dersom veret er dårleg vert arrangementet flytta til Pernillekafeen, der ein kan få høyra historie om fyret, kvalfangst, og kåseri om Fedje.

Meir info på www.facebook.com/Hellisøy-Fyr - www.facebook.com/pernillekafeen - www.hellisoyfyr.no
Arr. Hellsøy Fyr og Pernillekafeen

Kystsogedagen

Small Ships Race

Laurdag 15. september 2018 Kl. 1200— 1500


I anledning Kystsogevekene og kystsogedagen på Fedje er det igjen duka for **Small Ships Race!** Tradisjonen tru vert det igjen regatta for sjølvbygde/dekorerte små seglbåtar! Premiane er fantastiske og stemningen er på topp! I fjor deltok ca 90 båtar. Klarer vi over 100 i år?
Premiering er som vanleg for:
- Vinnaren av regattaen (Eit glattpusa og malt skrog gjev minste motstand...)
- Dekorasjon/utsjånad av båt. (Her gjeld det å væra kreativ!)

Pris offisiell small ships regattabåt byggesett for 2018: 50 kr!
Reglar: Regattabåtane må ha utgangspunkt i skroget til den offisielle small ships-regattabåten, og framdrift må vera med seglkraft. Deltakarar i alle aldersgrupper er velkomne! Som naturleg er med ein stor regatta er Small ships race konstant under utvikling, det kan no ropast at det under arrangementet kan koma til å verta avduka ein ny båttype for bygging av eldre deltakarar: Small ships race - klasse 2.
For tinging av båt, kontakt Bjørn Ådne Kvalvik på tlf 99 24 59 39
Meir info på www.smallshipsrace.no
Arr. Bjørn Ådne Kvalvik

Basar på Fiskarheimen

Laurdag 15. september 2018 Kl. 1600— 1800

Fedje Indremisjon inviterer til basar i Fiskarheimen på Fedje med fine premiar.
Arr. Fedje Indremisjon



Kystsogevekene er eit populært tiltak på Fedje med ulike aktivitetar. Etter kvart har det vakse fram ein imponerende seglelåt-konkurranse på Kystsoge-dagen. Då hjelper vår eminente båtbyggjar, Bjørn Ådne Kvalvik, små og store med å konstruera fantastiske båtar som konkurrerer om gjeve premiar og mykje heider.

Velkommen til oss.
Stian Herøy, ordførar Fedje



Open dag på trafikksentralen


Laurdag 15. september 2018 Kl. 1330— 1500

Omvisning og open dag på **Fedje Sjøtrafikksentral** der ein dirigerar skipstrafikken inn og ut til dei store oljeterminalane i Nordhordland. Arr. Kystverket og Fedje sjøtrafikksentral

Haustormseilasen

Laurdag 15. sept. 2018 Kl. 1100 — 16. sept. 2018 Kl. 1600

Nordhordland Seilforening arrangerer den tradisjonelle **Haustormseilasen** frå Herdla til Fedje og attende med sosialt treff og overnatting på Fedje. Starten laurdag er i området utanfor Gavlen på Herdla, deretter seglar båtane på faste merke til målgang like utafor hamna på Fedje. Sundag er det ny regatta attende til Herdla. Detaljar om løypene kjem i seglingsvedtektene som vert publisert via www.nordhordlandseilforening.org om lag ei veke før start. For dei som har seglbåt og har lyst til å vere med men føler dei ikkje har nok erfaring til å stille i regatta så kan Nordhordland Seilforening hjelpe, me tilbyr trening kvar tirsdag i vår og haustsesongen der du enten kan være med ein båt med erfaren skipper eller få med ein instruktør på eigen båt. Ta kontakt på regatta@nordhordlandseilforening.org om dette er av interesse.
Arr. Nordhordland Seilforening



Austrheim

- opne landskap, oppe sinn



Austrheim kommune ligg nordvest i Hordaland, på grensa til Sogn og Fjordane.

Kommunen er liten, berre 56 km², med i underkant av 3000 innbyggjarar. Austrheim er eit geografisk knutepunkt mellom Gulen, Lindås, Fedje og Radøy. Austrheim er ein typisk kystkommune med 489 øyar og holmar. 13 små og mellomstore bruer knyt kommunen saman. Folk i Austrheim har alltid vore tett knytt til sjøen. Dei første innbyggjarane slo seg ned ved Fosnstraumen for meir enn 11 000 år sidan. Dette området er i dag eit eldorado for hobbyfiskarar og dykkarar. Med alle sine holmar, øyar, sund og osar er Austrheim eit flott område for båtfolket. Dei siste åra har kommunen og Fønnes bygdela rusta opp friluftsområdet i Årvika og turstien til Vardetangen, Norges vestlegaste fastlandspunkt. Desse områda er i dag

PROGRAM

HavGlede

Onsdag 8. august 2018 Kl. 1200— 12. august 2018 Kl. 1600

HavGlede er ei veka fylt med havsport aktivitetar. Det meste er gratis og det er aktivitetar for heile familien. Ta med redningsvest og ver med oss 8-12. august.

Onsdag 08.08 startar med aktivitetar for dei som treng tilrettelagte aktivitetar. Det vert sporløp med tema frå havet, fisketur og tur i båt kan ein og delta på. Dagen vert avslutta med middag på kaien. Pris pr. deltakar; kr 200,- (inkluderer aktivitetar, middag med dessert og kaffi).

Torsdag og fredag er opne dagar for alle på Mastrevik kai frå kl: 12.00 — 18.00. Her kan du prøve alt av utstyr som Austrheim ungdomsklubb har. Dei fleste aktivitetane er gratis som bruk av kajakk, kano, sup, vanntampoline, hinderløype på vann, hoppe og klatretårn, katapult og runnerz. Det vert tubetur for kr 20,-.

Laurdag kl: 12.00 -16.00 er HavGlede på Fønnes kai med SUP konkurranse hjå «Fønnesdajen».

Laurdag kl: 17.00 — 19.00 arrangement for 5 — 7 klasse, Mastrevik kai.

Kl: 20.00 — 24.00 arrangement for 8- klasse til 2. vgs. Meir info om dette kjem.

Sundag kl: 12.00- 16.00 vert det aktivitetar i friluftsområdet i Årvika saman med "Fønnesdajen" På alle dagane vert det sett fram grillar som ein kan grille eigen mat på eller ein kan kjøpe ein hot-dog og brus hjå ungdomsklubben. Ta med redningsvest og ver med oss. Meir info: facebook - @havglede og www.austrheim.kommune.no
Arr. Austrheim Ungdomsklubb og Austrheim kommune

Fønnesdagane - dar folk møtes

Fredag 10. august 2018 Kl. 1700— 12. august 2018 Kl. 1700

Fønnesdagane har blitt eit kjært samlingspunkt i historiske Fønnesvågen. Kystkultur står sterkt i sentrum og gamle handverkstradisjonar og gamle reiskapar vert synt fram for publikum. Arrangøren legg opp til eit variert og flott program kvart år. Gamle dampen, Oster, og Shetlandsbussen Hitra er innom, fiskesjarker og andre båtar ligg og ved kai denne helga.

Fredag 17.00 - 23.00

Konsert med **Heine Totland** og **Gisle Børge Styve**. Billettsal på TicketCo, Rema 1000 og Bok & Papir 380 kr/billetten.

Laurdag 12.00 - 16.00

Tiriltunga barnekor opnar Shantykoret Navy Vocalis kjem. Opplev Oster og Hitra, redningsskøyta, veteranbussen, brannbilen, taubåten, gamle motorar og mopedar, kutterar. Ha det gøy med Eliasbåten, fiskedam, levande lam, spikervekstad. Lær å strikke og spleise. SUP-konkurranse. Nyt fiskesuppe, rømmegraut, spekemat, grilla hjort.

Sundag 12.00 - 17.00

Havsportaktivitetar med HavGlede frå 12.00. Varme grillar frå 14.00. Friluftsgudsteneste klokka 16.00.
Arr. Fønnes Bygdalag

Vandring i fiskarbonden sitt rike

Laurdag 25. august 2018 Kl. 14:00— 16:00

Guida vandring i vakkert øylandskap på **Krossøy**, oppmøte på snuplassen. Omvisning i freda naustmiljø, gardsmuseum, smie, fjøs, restaurert jordkjellar m.m. På Storhaugen 32,5 m er det flott utsikt, og vi får orientering rundt karttavla. Sal av fiskesuppe og kaffi i naustet. Ta gjerne også ein fottur heilt ut til Gavlen. Turen passar for alle!

Arr. Krossøy Grendalag

flotte rekreasjonsområder for både fastbuande og besøkjande. I Austrheim markerer me kystsogevekene med mellom anna Fønnesdajen, tur i fiskarbondens rike i Krossøyna og ungdomsklubbens arrangement «HavGlede» 8. – 12. august. Festival sommaren startar med «Ein liten smak av Austrheim» 28. juni og vert avslutta med den tradisjonelle «Landbruksdagen» første laurdag i oktober. For barn og unge vil ungdomsklubben i tillegg ha ulike havsportaktivitetar i Mastrevik og Årvika i sommarferien, informasjon om desse vil ein finna på Austrheim kommune si facebook-side.

Beste helsing Per Lerøy, Ordførar



Foto: Arne Kreseth, Studio Nordhordland

Padletur Solesjøen-Litleindås

Torsdag 30. august 2018 Kl. 1800— 2000

Velkommen til Padletur med Nordhordland Turlag, spesielt til alle nye som har lyst å padle med oss! **Turmål: Solesjøen - Litleindås.** Oppmøte Kl.18.00 m/eigen kajakk ved Solesjøen i Austrheim. Kontaktperson: Ingvar Turen tlf. 95750076
Sjå oppdatert info om turen på www.nordhordland.dnt.no
Arr. Nordhordland Turlag

Onsdagstur til Vardetangen

Onsdag 5. september 2018 Kl. 1800— 2000

Velkommen på onsdagstur, spesielt til alle nye som har lyst å gå på tur med oss! Onsdagsturane er ei turgruppe med ein kjentperson som syner veg. Turmål: Vardetangen i Austrheim, Noregs vestlegaste faslandspunkt. **Oppmøte på gamle snøggbåtkaien ved Fønnesvågen onsdag 05. september kl. 18.00.** Kjentpersonar: Øyvør Haldis Larsen, tlf. 99532442. Arr. Nordhordland Turlag

Kulturminnevandring på Austrheim kai

Laurdag 8. september 2018 Kl. 1400— 1700

Tema for året sine kulturminnedagar er : «Typisk norsk – ikke bare norsk». Med dette skal me sjå på kva me meiner med «den norske kulturarven». Og så skal me sjå på kor mykje av dette som er kome utanfrå gjennom tidene. Kor mykje er vårt lokalsamfunn endra i møte med utviklinga? Korleis var det før og korleis skjedde endringane fram mot det lokalsamfunnet me har i dag?

Lokalt tema er: «**Austrheim kai før i tida- møtestad, handel og næring**». Austrheim kai var lenge viktigaste møtestad og senter i Austrheim. Folk som har vakse opp der tek oss med på ei vandring frå kyrkja og langs ein veg med landhandel, postlokale, telestasjon, bakeri, meieri, kafe/ pensjonat, danselokale og sjøbuer m.m. til Austrheim kai. Me får høyra historier om; «**dåpsvatnet og kyrkjenøkkelen**», «**då dampen kom**», «**frå trekkspel til rocken roll**», «**den første sigaretten**», «**å jobbe på landhandelen for straumen kom**» osv. osv. Arr. Austrheim Kyst- og Sogelag og Austrheim kommune



Foto: Kari T. Utikilen



Foto: Jan Torry Sande



Radøy

- den grønne øya

Velkomen til flotte opplevingar!

Radøy markerer Kystsogevekene med mange programinnslag, og det er ivrige menneske i lag og organisasjonar som står for dei fleste arrangementa. Bli med, delta og forsyn deg! Kystsogevekene markerer starten på at me samlast igjen etter ferieopplevingane,

så det sosiale ved arrangementa er veldig viktig del av det å markera Kystsogevekene, anten det skjer i ramsalte sjøen, eller inne på land. Kos deg på Radøy!

Med helsing
Jon Askeland, Ordførar



PROGRAM

Padletur Bøvågen-Syltavågen

Torsdag 9. august 2018 Kl. 1800— 2000
Velkommen til Padletur med Nordhordland Turlag, spesielt til alle nye som har lyst å padle med oss! Oppmøte ved Bøvågen Marina kl. 1800. Turmålet er Syltavågen. Kontaktperson: Sven Jørgen Hvidsten tlf. 90517242. Oppdatert info på www.nordhordland.dnt.no Arr. Nordhordland Turlag

Offisiell opning av kystsogevekene i Radøy

Søndag 12. august 2018 Kl. 12:00— 15:00
Velkomen til Toskavågen og den offisielle opninga av kystsogevekene i Radøy – eit arrangement med aktivitetar for folk i alle aldrar. Kl. 12.00: Opning ved ordførar Jon Askeland og musikalsk innslag ved musikk- og kulturskulen. Deretter: aktivitetar for heile familien ved sjøbua: Prøv å ro og padla. Ta roknappen med Keipane Kystlag. Prøv å segla Optimistjolle. Lær å knytta ulike knutar. Utstilling av fiskeutstyr og gjenstandar frå 2. verdskrig i sjøbua. Båtturar til Skjærgårdsfisk visningssenter sitt oppdrettsanlegg nord for Toska. Sal av mat og drikke. Ope galleri hjå Bjarne Skjold (Toskavegen 48A). Kl. 13.30: Guida tur på Toska med Kristoffer Toska. Arr. Storhaugstova Vel, Radøy Sogelag, Keipane Kystlag, Radøy kommune

Onsdagstur til Skageneset

Onsdag 15. august 2018 Kl. 1800— 2000
Onsdagsturane er ei turgruppe med ein kjentperson som syner veg. Velkommen på onsdagstur, spesielt til alle nye som har lyst å gå på tur med oss! Oppmøte ved rådhuset på Manger k. 1800. Turmålet er Skageneset. Kjentmann er Harald Åge Sætre, tlf. 93202980. Arr. Nordhordland Turlag

Open motorsamling

Laurdag 18. august 2018 Kl. 11:00— 16:30
Radøy motorsamling held ope, og Guttorm Storheim viser fram den store samlinga med over 200 ulike motorar som har vore brukte i vårt distrikt. Dei aller fleste motorane er sette i stand, og ein del av desse motorane vil verta starta opp denne dagen. Samlinga inneheld også traktorar og landbruksmaskiner. Det vert servert kaffi og vaflar. Gratis inngang. Adresse: Radøyvegen 448, 5938 Sæbøvågen Arr. Radøy Motorsamling

Grunnkurs i fiskeutstyr og fiskemetoder

Onsdag 22. august 2018 Kl. 17:00— 29. august 2018 Kl. 21.00
Kursstad: Slippen i Sæbøvågen. På dette kurset for du innføring i utstyr som stang og snørrer. Du lærer om ulike knuter til å feste spinner på. Du får også innføring om å lage / bytte angler/makker på harpe-snøre. Egne snik og line. Regler for fritidsfiske. Og selvsagt praktiske øvelser. Kurset går over to kvelder. For mer informasjon kontakt kystlaget ved Evy Dame eller Øivind Bernes tlf 97423267/ 47611662. Arr. Keipane Kystlag

Nøtlevågsdagen

Laurdag 25. august 2018 Kl. 14:00— 23:59
Velkomen til Nøtlevågsdagen med aktivitetar i det gamle Meierimiljøet. Frå 14:00 vert det ope for store og små med ulike aktivitar, bruktbutikk, kafe og omvisning. Om kvelden vert det bryggjetreff for dei vaksne. Med prat, musikk og dans. Det vert sal av mat. Arr. Nøtlevåg Meieri

Familiedag med fiskekonkurranse

Søndag 26. august 2018 Kl. 11.30— 16.30
Keipane Kystlag inviterer til Familiedag i Sæbøvågen med fiskekonkurranse. Det vert i tillegg aktivitetar som pil-kast, kano og kajakk og kafé med mellom anna sal av fiskesuppe. Flotte premiar! Fiske med stang eller snørre fra båt eller land. Fiskekort kjøpes på Slippen fra kl.11.30. Starten på fiske går kl 12.30 og avblåses kl. 15.30. Veiting kl 16.00. Premieutdeling fra kl.16.15. Premie for størst mest og minst fisk (barn under 12 år). På land blir det egen dam for krabbe og barkebåter. Dart-konkurranse. Kanoer og kajakker. Kafé med salg av fiskesuppe. Kontaktperson: Evy Dame, 97423267 Arr. Keipane Kystlag

Maritim maleglede i naustmiljøet på Boga

Onsdag 29. august 2018 Kl. 1100 — 31. august 2018 Kl. 1700
Med nausta som bakgrunn/ galleri inviterer Elna Bauge til maleritutstilling i Nordre Bogeågen. Ytterveggane på nausta blir ateleiet og utstillingsrom for 20 maleri i variert stil. Arr. Elna Bauge

Skuleklasse på Bogatunet - kvardagsliv i 1850

Onsdag 29. august 2018 Kl. 1500— 1800, torsdag 30. august og fredag 31. august 2018 Kl. 0900— 1300
Skuleklassar frå Sæbø er på Bogatunet og levandegjer korleis familiar levde på 1850-talet. Elevane er kledd opp i gamaldagse klede og lagar tradisjonskost. Eldre menneske og tradisjonsberarar syner og fortel elevane dei tradisjonelle gjeremåla. Arr. Sæbø skule og Radøy Sogelag

Gamle dampen på Manger kai

Laurdag 8. september 2018 Kl. 1300— 1700
DS Oster vil liggje til kai, publikum får høve til å vitje båten og kjøpe fiskesuppe, Ostersuppe, kaffi og kaffimat. Petter H. Fosse vil halde foredrag om samferdsla på Radøy og Nordhordland i eldre tid. BNR veteranbusssklubb stiller med buss og køyrer turar. Bileteutstilling, sal av bøker og familievennlege aktivitetar på kaien. Arr. Radøy Sogelag

Risnesmarknaden

Laurdag 8. september 2018 Kl. 1300— 1600
Risnes Grendalag ynskjer velkomne til Risnesmarknaden då folket samlast på kaien på Rossnes. Salsboder med kortreiste varer. Hesteskokasting og luftgeværskyting. Levande musikk. Sal av mat, brus og kaffi. Parkering på kaien. Oppdatert program kjem på www.kystsogevekene.no Arr. Risnes Grendalag

Migrasong - tonane dei bar med seg over havet

Søndag 9. september 2018 Kl. 1800— 2000
Programmet handlar om emigrasjonen til til Nord-Amerika på 1880-talet og songen og kulturen emigrantane hadde med seg i "bagasjen". Sjå omtale på s 17 av innhaldet i same forestillinga. Arr. Vestnorsk Utvandringssenter

Padletur Straume-Nordangervågen

Torsdag 13. september 2018 Kl. 1800— 2000
Velkommen til Padletur med Nordhordland Turlag, spesielt til alle nye som har lyst å padle med oss! Oppmøte på Straume kai kl. 1800. Turmål: Nordangervågen. Kontaktperson: Sven Jørgen Hvidsten tlf. 90517242. Arr. Nordhordland Turlag

Quizkveld og familiedag i Marås Grendahus


Fredag 14. september 2018 Kl. 20.00— 24.00
Quizkveld med enkel servering. Hiv deg med! Påmelding til: Randi 91 55 42 51 / Kari 95 19 88 46 **Søndag 16. september 2018 Kl. 13:00— 16:00** Familiedag med kjekke aktivitetar for store og små. Sal av mat, kaker og kaffi. Arr. Marås 4H

Flygelkonsert: Sukkerfeens Dans

Søndag 16. september 2018 Kl. 19:30— 20:30
Firehendig klavermusikk framført av **Rune Alver** og **Inger Johanne Ektvedt**. Det vert musikk av Grieg, Fauré, Schumann, Brahms, Elling, Schubert, von Weber og Tjaikowski. Arr. Radøy Sokn

Ope på Nordanger gardsmuseum

Søndag 16. sept. 2018 Kl. 1200 — 16. sept. 2017 Kl. 1500
Den gamle skulen på Nordanger var i bruk til 1912, og er no museum med samlingar av ulike gamle gjenstandar frå skular og bygdelivet. Denne dagen kan du sjå skulehuset og samlingane. Huset er no innreda som: bustad for lærar (Kammers) ellers ting frå Skule-Hushald-Snikkar-Skomakar-Fiske og Fangst-Jordbruksreidskap (Handreidskap)-Skreddar m.m Arr. Nordanger Gardsmuseum



Lindås

- der draumar blir røyndom

Velkomen til Lindås, velkommen til Kystsogevekene!

Sjøen har alltid vore viktig for folk i Lindås og Nordhordland. Det var med fjordbåtane vi reiste og det var sjøvegen vi brukte når dyr og varer skulle fraktes. Alle som har segla frå Bergen mot Sogn kjennar Den indre farleia gjennom Lindås. Vi er ein ekte kystkommune, sjølv om landevegen etter kvart har overteke mange av sjøen- og fjordens oppgåve. I år blir det arrangert familiedagar både på Lyngheiserenteret, Seim, Eknesvågen og på Feste. Programmet for Kystsogevekene byr på utstillingar, vandringar, konsertar, padleturar og kåseri, berre for å nemne noko.



I tillegg har vi invitert 9. klassetrinn på tur med gamle dampen, D/S Oster, i den indre farleia. Vi vonar også at så mange som råd nyttar høve til å bli betre kjent med kulturlivet i Lindås, Meland og Radøy. Frå 2020 utgjev vi tre Alver kommune. Alle tre kommunar byr på fine arrangement i Kystsogevekene, for store og små. Til slutt ein stor takk til «gullet» vårt – alle frivillige lag og foreiningar som gjer dette mogeleg!

Astrid Aarhus Byrknes, ordførar

PROGRAM

Kunstverka i sjøparken i Lindåsosane

Få med deg den unike utstillinga på holmar, skjær, bergvegg og naust i **Lindåsosane**, sjøområdet innom **Lindås Sjøsluser**. Utstillinga står permanent og vert utvida med eitt verk årleg. Den må opplevast frå båt. Meir info på www.lindasbygda.no Arr. Lindåsbygda og Heilt Originalt

Viking og mellomaldermarknad på Lygra

Fredag 10. august 2018 Kl. 1400 —12. august 2018 Kl. 1600
Viking og Mellomaldermarknad på **Lyngheiserenteret** på Lygra med hovedvekt på formidling av gamle handverk. Ta ei tidsreise til 900-tallet saman med vikingar frå fjern og nær og opplev marknaden med mange ulike vikingprodukt og matopplevingar. Meir info på www.facebook.com/NHFVikinger Arr. Nordhordland Frie Vikinger

Familiedag på Gamle Seimstrand

Søndag 19. august 2018 Kl. 1200— 1600
Kortreist mat frå Ikeland: **Kjersti Linn** sel **ekte vestlandsmat, spekepøls**er og **spekekjø**t. Tur med hest og kjerre eller besøk hjå hestane til HesteKaren. Sjå deg om i museet med gjenstandar frå D/S **"Seimstrand"** 1891 og dåtida. Sit ute på dekk, i bakskoten eller på 1. plass salong på **«Gamle Seimstrand»**. Nyt ein kopp kaffi med noko attåt, betasupa eller ein spekemattallerken. Store og små er velkomne til ei kystsogeoppleving på Seimstranda 267, Seim. Arr. Sissel-Anny Hjelmtveit, Kjersti Lind Bakke Hopland, Karen Osen Isdal

Opning av ny gangbru ved Stampo

Søndag 2. september 2018 Kl. 1100— 1400
Opninga av ny gangbru ved **Stampo ved enden av Esevatnet**. **Vandreturen** startar kl 11.00 ved Lindås skulemuseum på Vassel. Guida tur. Lett turtereng. Ha på gode sko. Arr. Eknesvågens Venner

Padletur Feste -Langenesvågen

Torsdag 6. september 2018 Kl. 1800— 2000
Velkomen til padletur med Nordhordland Turlag. **Oppmøte: Feste kai m/eigen kajakk**. Turmål: Langenesvågen. Konrtaktperson: Arne Færøy tlf. 92491487 Arr. Nordhordland Turlag

Kanotur med overnatting mellom trærne (8-12 år)

Laurdag 8. sept. 2018 Kl. 1300— 9. sept. 2018 Kl. 1745
Me dreg til Lindås på kanotur i flotte naturomgjevnader der me padlar i **Hundvensvatnet** og **Storavatnet**. Dette er ein flott tur for alle, uansett padleerfaring og me prøver å finne blåbær, kantareller og auren. Oppmøte ved **Bruvoll camping laurdag kl. 13.00**. Me padler ein fin tur, riggar opp leir og griller, leikar og nyt livet. Sundag: Etter ein god frukost under trærne i soveposen så pakkar me for meir padling i nye vikar og vatn. Retur kl. 17:00 frå Hundvin og tilbake i Bergen ca. 17:40. **Mat:** Alle tar med egen mat til kvelds/frokost og grilling for begge dager. **Utstyr:** Den enkelte må ta med egen rednings-/seilervest, badetøy, fiskeutstyr, ekstrarøy, sovepose, vanntett trekk, liggeunderlag og stormkjøkken. Turleiar tar med presenning for rigging av gapahuk. Prisen inkluderer turleiing og leige av kanoer. **Turleiar: Bengt (nr. 90 24 76 25) og Elin (98083368)**. Oppdatert info på www.bergenoghordalandturlag.no Arr. Bergen og Hordaland Turlag og Barnas Turlag

Ramsalt korkafé

Laurdag 8. september 2018 Kl. 16:00— 18:00 på Knarvik Ungdomskule.
Musikk – utstilling – foredrag – og salt kystmat! Korsongar og allsongar om livet ved kysten. **Øystein Valde** fortel om Strandamålarane. Utstilling av nokre av bileta. Elevar ved Kulturskulen i Lindås viser sine egne, moderne landsskapsmåleri, og musikalske innslag ved **Miriam Solheim, Hedda Warberg Øvstegård** og andre elevar frå Lindås kulturskule. **Og sjølsagt; velsmakande mat frå kysten!** Alt dette og triveleg selskap får du for kr 120 (kroner 300 for familiar). Arr. Songlaget Alvidt/Manger, Lindås bibliotek og kulturskulen i Lindås

Kåseri om Fjordabåtane

Søndag 9. september 2018 Kl. 1500— 1700
Kåseri i Bokkafeen ved fjordbåtentsiast **Øyvind Konglevoll** som fortel om Fjordabåtane. Han er leiar for Fjordsteam AS og har i mange år vore sterkt engasjert i arbeidet med fleire av fjordabåtane. Bokkafeen er open kvar sundag mellom kl 15.00 og 17.00 under Kystsogevekene. Sal av kaffi, brus og vaflar. Arr. Eknesvågens Venner

Ope museum på Feste og omvisning på Bruknappen

Søndag 9. september 2018 Kl. 12.00— 16.00
Lindås sogelag har ope museum på Feste og det vert omvising på den gamle **gjestgjevarstaden Bruknappen**. Museet på Feste held til i den nedlagde skulen på Feste. Museet har ein maritim del og ein elektrodel. Hovedfokuset denne dagen er på båtar og omvising i Bruknappen. Det tar 15-20 minutter å gå frå Feste til Bruknappen. **Torunn Feste** er vegvisar, og turen til Bruknappen startar kl 12.30. **Arne Even Bruknapp** vil fortelja om gjestgjevarstaden, som var i drift i fleire hundre år, fram til ca 1900. Sogelaget skal ha to gamle båtar i Bruknappen denne dagen: ein seksæring frå Marøy, og ein lett liten robåt frå Ese som du kan prøva på sjøen. Kaffi og vaflar i museet etter omvisinga. Arr. Lindås Sogelag

Padlekurs for barn

Laurdag 15. september 2018 Kl. 1400— 1700
Eknesvågens Vener og Nordhordland Padleklubb inviterer til padlekurs for born i Eknesvågen. Nedre aldersgrense 8 år. Inntil 10 deltakarar. Påmelding til **May Britt Birkeland**, tlf: 979 59 744 eller May.Britt.Birkeland@hfk.no Arr. Eknesvågens Venner og Nordhordland Padleklubb

Utstillingsdag i Eknesvågen

Søndag 16. september 2018 Kl. 1500— 1700
Eknesvågens Venner og Nordhordland Kunstlag inviterer utstillingsdag i Eknesvågen. **"Strandamålarane"** - utstilling. **Øyvind Holsen** fortel om Strandamålarane. Kunstutstilling i regi av Nordhordland Kunstlag. Ingvald O. Eidsheim og KNM Hitra - utstilling. Bilete frå Gamle Vassel skulekrins. Sal av kaffi, brus og vaflar. Arr. Eknesvågens Venner og Nordhordland Kunstlag






Askøy

- Tett på utviklingen
- Tett på menneskene

Askøy er med sine knappe 29.000 innbyggere Hordalands største landkommune og landfast med Bergen via Askøybroen.

Sjøveien har til alle tider vært viktig for Askøyværingene. Fra Kleppesto går hurtigbåt til Bergen. Vi sier gjerne at Askøy er Norge i miniatyr, tettest befolket i sør, frodig på østsiden og litt mer karrig og værhardt i vest og nord. Kommunen har mange friluftsområder og tilrettelagte turløyper. Aller lengst nord ligger Herdla, en flat morene-øy. I 2015 kåret til Hordalands mest attraktive friluftsområde. Med sine mange tilbud er dette et yndet utfartssted både for Askøyværing og for tilreisende.



I år er det mulig å løpe marathon, «Askøy på langs». Da kan man oppleve naturen i hele kommunen fra sør til nord. Hanevikdagen og Fortsdagen på Herdla er tradisjonsrike arrangementer som tilbyr en rekke ulike aktiviteter og opplevelser. Askøy har en stor og aktiv frivillig sektor, som er en forutsetning for å skape det rike tilbudet i kommunen. Lykke til med Kystsogevekene 2018, og velkommen til Askøy!

Hilsen
Terje Mathiassen, ordfører



Meland

- eit samfunn for alle

Eg ønskjer velkommen til Kystsogevekene i Meland kommune!

Vi har mykje å vise fram, både når det gjeld kystkultur og natur, sentralt plassert som vi er, i den indre farleia ved porten til Norhordland. Tradisjonen tru er hovudarrangementet Kystsogedagane på Holmeknappen, med eit rikhaldig program frå fredag til sundag. Spennvidda er stor, med utstillingar, konsertar, marknad og ikkje minst kveldsturen med D/S Oster som er eit svært populært innslag. Eit årvisst arrangement som er eit prov på den store frivillige innsatsen som blir lagt ned i kommunen. Forholdene for padling er gode i Meland, både på Rylandsvassdraget og Storavatnet, men og langs sjøen. Derfor arrangerer Nordhordland turlag ein



padletur med start på Io, ved marinaen der. I år vil ein og tak i bruk det flotte friluftsområdet på Håøy. Medlemmer i ro- og seglegruppa til Kvernbit tilbyr deg roslyss over Flatøyosen og FN-sambandet har ein utvikla eit unikt opplegg for uteskule, og ein vil utforske strandsona der for plastforureining. Eit opplegg som er klimanøytralt, og med fokus på berekraft. Eg oppmodar alle til å ta turen til Meland under Kystsogevekene!



Øyvind H. Oddekallv, ordfører

PROGRAM

Regattaen Askøy Rundt

Laurdag 18. august 2018 Kl. 1100— 2300

Seglregatta med familieprofil. Starten går ved Askeneset i Byfjorden og turen går nordover Herdlefjorden, rundt Herdla, og sørover Hjeltefjorden og målgang i Hauglandosen. Etterpå er det eit familiearrangement på Askøy Seglsportsenter i Kagevikane, med grilling og premieutdeling. Sjå oppdatert info på www.askoy-seilforening.no
Arr. Askøy Seilforening

Hanevikdagen

Søndag 19. august 2018 Kl. 1200— 1700

Årets tema er «Friluftsliv og helse». Vi ønsker også å videreføre vårt miljøfokus fra i fjor. Vi får også i år besøk av D/S Oster. Veteranbuss skal som vanleg gå i skytteltrafikk mellom Ask og Hanevik. Kunstutstillinger, salg av varer på land og sjø. Lotteri med trekning av flotte gevinster. Vivian Steinsland holder minikonsert i et naust.
Arr. Hanevik Velforening

Vikingtokt frå Sandviken til Kollavågen

Søndag 19. august 2018 Kl. 0930— 1600

Barnas Turlag og Os Turlag inviterer små og store vikinger på tokt. Vi reiser med vikingskipet Håkon Håkonsson frå kystkultursenteret i Sandviken til Kollavågen. Vel framme gjer me eit strandhogg, og grillar og badar viss veret tillater det. Det er mulig å fiska frå båten, så ta gjerne med fiskestang!
Arr. Barnas Turlag og Os Turlag

Askøy Rundt Padlefestival

Fredag 31. august 2018 Kl. 1700 — 2. september 2018 Kl. 1600

Askøy Padlekubb ønsker velkommen til Askøy Rundt Padlefestival. Det blir padling fra Strusshamn langs vestsiden til Herdla lørdag, og fra Herdla langs østsiden av Askøy til Strusshamn søndag. Det blir etablering av camp, padletur og grilling på Herdla fredag 31. august fra kl 16 for dem som ønsker å kjenne litt ekstra på festivalfølelsen. Det er også mulig å booke rom på Biologen. Lørdag kveld blir det god mat og drikke, underholdning, premieutdeling og dans i den store lavoen på festivalcampen. Nytt av året er at vi har kort etappe fra Hanevik til Strusshamn (ca. 19 km). Da vil alle avslutte i Strusshamn og være med på den gode stemningen og de gode svelene. Kort distanse er i gruppe med turleder.
Arr. Askøy Padlekubb



Fortsdagen -aktivitetsdag på Herdla fort

Søndag 2. september 2018 Kl. 1100— 1500

Aktivitetar for heile familien, mellom anna natursti, ringmerking, vikingleik, utemat, akvarium, torpedobatteri, flytstilling, militære køyretøy, fotoutstillingar, kafé m.m. Kom-deg-ut-dagen! Omvising i museumsbygget. Gratis inngang. Arr. Askøy Turlag, Askøy Kommune, Museum Vest + ei rekke friviljuge lag.

Sjøveis kyrkjereis til Herdla kyrkje

Søndag 2. september 2018 Kl. 11:00— 13:00

Før gudstenesta vert det sjøveis kyrkjereis med Vestgar som går frå Kystmuseet i Øygarden og Vikebø til Herdla. Kl.11:00 gudsteneste i Herdla kyrkje med gamle salmar og gammal liturgi. Gamle kyrkjeleide om mogleg. Gudstenesta vert avslutta med ei orientering om det historiske spelet som skal visast i Herdlevågen like etter gudstenesta. Så vert det historisk spel om korleis kyrkjelyden i fyrste halvdel av 1860-talet frakta stein til utvidinga av grunnmuren til kyrkja, for å oppfylla nye krav til storleik for kyrkjer. Det er mogleg å få kjøpa mat ombord på "Vestgar", som vil liggja til kai i Herdlevågen under heile arrangementet. Artikkel om arrangementet kjem i Askøyværingen i slutten av august.
Arr. Herdla Sokneråd

Kveldsmat-tur til Solsnes Friluftsområde

Onsdag 12. september 2018 Kl. 1800— 2000

Pakk kveldsmaten i sekken og bli med Barnas Turlag ut på kveldsmattur. Me går til stranda og lagar bål. Ser etter krabber og andre sjødyr. Er det nokon som vågar å bada?
Oppmøtestad og tid: Parkeringsplassen på friluftsområdet på Solsnes, kl. 1800. Passer for barn i alderen ca. 6-10 år
Arr. Barnas Turlag



Meland

- eit samfunn for alle

Eg ønskjer velkommen til Kystsogevekene i Meland kommune!

Vi har mykje å vise fram, både når det gjeld kystkultur og natur, sentralt plassert som vi er, i den indre farleia ved porten til Norhordland. Tradisjonen tru er hovudarrangementet Kystsogedagane på Holmeknappen, med eit rikhaldig program frå fredag til sundag. Spennvidda er stor, med utstillingar, konsertar, marknad og ikkje minst kveldsturen med D/S Oster som er eit svært populært innslag. Eit årvisst arrangement som er eit prov på den store frivillige innsatsen som blir lagt ned i kommunen. Forholdene for padling er gode i Meland, både på Rylandsvassdraget og Storavatnet, men og langs sjøen. Derfor arrangerer Nordhordland turlag ein

PROGRAM

Natursti om FNs berekraftsmål

Måndag 6. august 2018 Kl. 1000— 1500

Frammøte på P-plassen ved Betongblanderket langs E39 over Flatøy. Vi startar og avsluttar samla der. FN-sambandet i Bergen har utvikla eit unikt opplegg for uteskule, som vi gjerne vil tilby til fleire enn skuleelevar. I seg sjølv er det både berekraftig og eit klimanøytralt opplegg. Gjennom ymse aktivitetar får deltakarane både lære om berekraftig utvikling, og bidra med å utforska ein lokal strandsone for plastforureining. FN-sambandet stiller med eit eige team som vil orientera og guida deltakarane gjennom dagen - vi har og med naudsynt materiell. Vi har tid til pauser, så hugs mat og drikke og gjern eit sitteunderlag, og sjølvsagt klede etter veret. Opplegget passar for born og vaksne i alle aldrar. Alle deltakarane får diplom.
Arr. FN-sambandet i Bergen

Padletur Io-Herdla rundt

Torsdag 16. august 2018 Kl. 1800— 2000

Velkommen til Padletur med Nordhordland Turlag, spesielt til alle nye som har lyst å padle med oss! **Oppmøte ved Io Marina.** Turmål: Io – Herdla rundt. Kontaktperson: Olav Tveito tlf. 95440177 Oppdatert info på www.nordhordland.dnt.no Arr. Nordhordland Turlag

Roslyss til Håøy

I perioden fredag 17. august 2018 Kl. 1100— 2. september 2018 Kl. 1500 Medlemmer i Kvernbit IL si gruppe for roing og segling tilbyr **roslyss i klinkbygde tradisjonsbåtar over Flatøyosen til Håøy.** Rotider, avgangsstader og prisar vert kunngjort i lokal dagspresse og på www.kystsogevekene.no
Arr. Kvernbit IL si gruppe for roing og segling



Kystsogedagane på Holmeknappen

Fredag 24. august 2018 Kl. 2200— 26. august 2018 Kl. 1600

Fredag 24. august kl. 2200-0200

Galleri Rustica: Færøyane-natt med song og dans av og med Hanus G. Johannesen, Ottar Fyllingsnes og folkedansarar.

Laurdag 25. august kl. 11 - 16

• Marknad på Holmeknappen: Sal og utstillinger av kunst og handverksprodukt, gamle kjøretøy og tradisjonsbåtar.
• Aktivitetar for barn og unge med blant anna «paddleboard», snekkerbu, fiskekonkurranse mm. • Sal av tradisjonsmat som fisk, sild, lefser mm.
• Open kafé med middag og kaffimat. • Diverse innslag frå scenen.

Kl. 12.00 Offisiell opning av Kystsogedagane ved ordførar Øyvind Oddekallv

D/S Oster og M/S Vestgar ligg ved kai, opne for omvising.

Ca. kl. 13.30 Når Hurtigruta besøker oss vert det Fly-akrobatikk show. Seksdobbel Noregsmeister i presisjonsflyging, Håkon Fosso, vil besøke Holmeknappen med eit forrykande flyshow til underhaldning for alle våre gjester. • Holmestova og Sjøbua er opne for omvising.

Galleri Rustica: «Fotoutstilling med kystmotiv», med Gunn Kvaløy.

Knappen Handleri: Ope med eit rikhaldig vareutval

Kl. 1800-2300: D/S Oster går tur rundt Holsnøy og ein svipp rundt Alverstraumen. Rekebord, musikk og servering om bord. Billetter kr 350,- kan tingast på tlf. 97686875 / 97176469

Søndag 26 august kl. 09 - 16

Kl 09.00 Frukost i kafételtet
Marknad og aktivitetar på Holmeknappen og veteranbåtane ligg ved kai. Utstillingar og ope i Holmestova, Sjøbua, Galleri Rustica og Knappen Handleri. (Sjå laurdag program).

Kl 11.00 Friluftsgudsteneste på Holmeknappen kai med Sokneprest: Bjørn Tore Sæle.

Kl 12.00 «Jacob Sande i ord og toner, og kjente Bergensviser» med Fred Ove Reksten (Bergenens) og Finn Olsen (Rhythmix Six).

Kl. 13.30 Når Hurtigruta besøker oss vert det Fly-akrobatikk show. Seksdobbel Noregsmeister i presisjonsflyging, Håkon Fosso, vil besøke Holmeknappen med eit forrykande flyshow til underhaldning for alle våre gjester.

Arr. Arbeidsgruppa for Kystsogedagane i Meland





år, langstrakt, vakker og bu: Kommunen er eit eldorado for klatring, dykking, havrafting, øy-hopping, kajakk, fiske, fuglesafari og rekreasjon. Oppdrættsnæringa har teke over for det store kystfiskeriet og reisande frå inn og utland har vita visningssektoren for laks og aure ved kystmuseet. Museet dekkjar historia frå fiskarbonden til oljealderen. Me er i gong med ei større utviding av katområdet, dette vil gjere rom for å reise lagra frå historiske bygg og eit mindre energivisningsenter. Øygarden er eit petroleumskommune med nasjonalt viktige anlegg som Kollsnes gassanlegg, naturgassparken og Sture Rølljeterminal. Vel 40 prosent av norsk gassersport går gjennom Kollsnes.



Børge Haugetun, ordførar




Fjell er ei vekstkommune med nær 26.000 innbyggjarar. Kommunen har stor innflytting og ein ung befolkning. Gjennomsnittsalderen er låg, over 30% av befolkninga er under 20 år. Naturen i Fjell er forma av vør og vind. Lyngheiar og svaberg, blenkjande vatn og ope hav byr på gode opplevingar. Purpur og nyansar av grått, raudt og blått er sentralt i dei visuelle inntrykka. Historia fortel om ei strevsamt liv her ute ved havet, prega av handlekraft, nøysemd og konservativ kristendom. Bergensarane kalla



Med helsing
Marianne Sandahl Bjorøy, ordførar



Foto: Gudrun Kristin Fatland





Kystogveekene er et utrolig viktig arrangement som ikke bare belyser, men også feirer kysten, havet og de stolte tradisjoner vi kystkommuner har til felles. Vi Vestlendinger har alltid levd av, ved og på havet. Handelsmulighetene havet ga oss, dannet også i sin tid bakgrunnen for Olav Kyrres grunnleggelse av Bergen i 1070. Oppigjennom historien og den dag i dag, har havet og kysten vært viktig for Bergen. Vi gleder oss over at den offisielle åpningen av Kystogveekene i år er lagt til Bergen under Fjordsteam. Under årets Fjordsteam fylles Vågen med over 80 historiske og verneverdige fartøy og det blir turer og



havnefest hele helgen. Kystsogevekene byr på noe for alle og en hver – jeg oppfordrer alle bergensere til å lese programmet nøye. Programmet byr på et vidt spenn av arrangementer: blant annet strikkbåtkersted, Oselvar NM, markeder, utstillinger og forestillinger. Til slutt vil jeg takke alle frivillige som står på for at Kystsogevekene blir en fantastisk opplevelse for store og s innsats ville det ikke vært mulig å gjennomføre alt det skal skje.

Med vennlig hilsen
Marte Mjøs Persen, Ordfører i Bergen



- utvikling - samhold
- livskvalitet

Osterøy er ein kommune med mange spanande kulturminne og kulturmiljø, og med eit særeige kulturlandskap. Kulturlandskapet er satt saman av gardstun og einskildbygningar som lemstover, brakaløer og naust, bunde saman av landskapselement som steingardar, stabbjerde, bakkemurar og veggfar. Dette i lag med ein rik tradisjon for småskala handverks- og industrihistorie, som til dømes garveri og møbelproduksjon, er ein viktig del av Osterøy sin identitet og historie og har stor opplevingsverdi. Også i dag er næringslivet på sjøvendt med aktørar innan maritim småindustri, sjøtransport, sjømatproduksjon og andre kystnæringar. På Osterøy er det fin natur med godt turterreng heile året, noko som innbyr til friluftsliv og spektakulære



naturopplevelingar. Osterøy kommune har i lang tid hatt eit rikt lags- og organisasjonsliv, der det er stor aktivitet innan musikk og ulike idrettsaktivitetar. Ein kan framleis sjå spor av den gamle strukturen der fjorden batt saman bygdene på kvar side og la grunnlaget for dei tidlegare kommunegrensene. På Osterøy har vi fem kyrkjer, ei for kvar av dei gamle kommunane nede ved fjorden og ei midt inne på øya. Eg ser fram mot Kystsogevekene og ynskjer dei lokale arrangørane lukke til med tilskipingane.



Fjordsteam:
sjå s 10-13 for meir info om tidenes veteranbåtfestival.

Laurdag 4. august 2018 Kl. 1000 — 5. august 2018 Kl. 1800
Grunnleggende padleteknikk, samt redning og sikkerhet på sjøen.
Oppmøtet: Riise Friluftsliv (God Tur), Sandviksveien 62G.
Aldersgrense: 16 år (det er satt opp egne kurs for ungdom 16 - 26 år).
Kurstid kl. 10-18 begge dager. Pris: kr 2500,- for DNT-medlemmer, kr 3200,- for ikke-medlemmer. Arr. Bergen og Hordaland Turlag

Laurdag 11. august 2018 Kl. 1100 — 12. august 2018 Kl. 1530
Milde Bätlag inviterer til årets Norgesmesterskap for Oselvar.
 Seglasar på Fanafjorden/Korsfjorden. 40. årsjubileum siden det fyrste
 Oselvar-NM. Meir info på www.mildebatlag.org Arr. Milde Bätlag

Sundag 12. august og sundag 26. august
Rundtun med dampbåt, damptog og veteranbuss. **Reis med DS Stord 1** frå Holbergskaien til Garnes. **Ta veteranotoget Gamle Vossebanen** til Midttun og avslutt med **veteranbuss** til Holbergskaien. Eller du kan reisa motsett veg. Rutetider og billetter på <https://stord1.ticketco.no>
Arr. Stord 1, Gamle Vossebanen og Veteranbusslaget

Søndag 19. august 2018 Kl. 0930— 1600
Vi reiser på tokt med **vikingskipet Håkon Håkonsson**. Vi fyller opp båten med små og store vikingar, og reiser til Kollavågen på Askøy. Vel framme gjer me eit strandhogg, og grillar og badar viss vertet tillatar det. Oppmøtetidspunkt kl 9:30. Oppmøtestad: Kystkultursenteret i Sandviken, Bergen. Heimkomst: Sandviken ca kl 16:00. Turleiari Hans Jørgen LeIVEN, tlf. 977 22 818 Arr. Barnas Turlag, OS Turlag

Fredag 24. august 2018 Kl. 1800 – 26. august 2018 Kl. 1600
Bergens Seilforening inviterer til samseiling og fjelltur. Fredag ettermiddag seiler vi fra Bjelkøyen mot bestemmelsesstedet (som ikke er avgjort i skrivende stund). Vi legger opp til felles angang, men det er selvsagt helt greit i en hektisk ukeavslutning å komme seg ned på egenhånd. Ankomst ca. 2100. Lørdag formiddag går vi på fjelltur i området. Lørdag kveld er det sosialt samvær, middager og planlegging av søndagens tur. Søndag formiddag tar vi en ny fjelltur, før vi går i båtene, heiser seil og setter kursen hjemover.
 Mer info: www.bergens-seilforening.no Arr. Bergens Seilforening

Søndag 26. august 2018 Kl. 11:00– 16:00
Gøy på landet er eit **familiearrangement** som tar publikum tilbake i tid til 18-1900 talet. På museet treff ei smeden, bakstekoner, landhandlaren og skulelæraren. **Gamaldagse leikar** som stlyter, skyting med sprettert, ballkast på boks, hestekostaking og båtbygging. Smak nyesteike flatbrød, fiskesuppe og frityrsteikt brisling. Smaksprøve og sal av surdeigsbrød. Ro- og seglturar på fjorden. lag hoppetau. **Toradergruppa Fanaduren** frå kl 12-15. I utstillingen **«Livredderen»** eit dokumentarisk portrett av den norske spealsuen, vil fotograf **Nils Olav Mevatne** vere tilstades frå kl 12-14. Arr. Hordamuseet i samarbeid med frivillige lag

Søndag 26. august 2018 Kl. 1100—1500
Osbanens Venner ynskjer velkommen til open dag på **Stend Stasjon**. Medlemmer av **Bergen Veteranvogn Klubb** stiller veteranbiler. **Tide Veteranbuss** kjem med ein veteranbuss går i skyttel mellom Lagunen og Stend stasjon. Veteranbilane skissar ned til **Hordamuseet** og «**Gøy på landet**». og kan gjerne ta passasjerer med motsett veg. Utstilling med bilete og gjenstandar frå Nesttun-Osbanen (1894 - 1935).
 Arr. Osbanens Venner

Freitag 31. august 2018 Kl. 1200 – 2. september 2018 Kl. 1700
Velkommen til **Vestlandets beste matopplevelser!** I tre dager skal lokalmatprodusenter og kokker jobbe sammen for å gi deg Vestlandets beste smaksopplevelser. Åpningstider: fre. 12-19, lør. 10-19, søn. 10-17.
Meir info på www.matfest.no Arr. Bergen Matfestival

Søndag 2. september 2018 Kl. 11:00 – 15:0
Kom og bygg strikkbåt hos oss på **Bergens Sjøfartsmuseum**. Vi finner fram båtmemner, verktoy, spiker og strikk, og du lager båten. Hvis været tillater det, blir det mulig å prøve farkosten i et utendørs testbasseng. Materialkostnad: 20,- pr båt. Arr. Bergens Sjøfartsmuseum

Laurdag 8. sept. 2018 Kl. 1100 – 9. sept. 2018 Kl. 1600
 Dagene arrangeres av lokale miljøer i Sandviken for å fremme bydelens kulturliv. I tillegg deltar **Kystkultureret, Fiskerimuseet og Bymuseet i Bergen** med gratis arrangement for barn og voksne.
 Arrangementet er gratis og åpent for alle og tilbyr aktiviteter for barn og unge, men også for voksne.
 Mer info: www.facebook.com/Sandviksdagene-1797851433815407/
 Arr. Norges Fiskerimuseum og Bymuseet

Tysdag 11. september 2018 Kl. 1900 – 2030
 Det blir teater og multimediaforedrag i auditoriet om **brugdefangsten**. Omvisning etterpå i båthallen med særleg fokus på **brugdebåten, løsbåten og havfæringen**. Spelet er ei dramatisering av brugdefangsten på vestlandet frå 1770 til 1850. Fangsten for å skaffe levertran til kolalampene som lyste opp i stovene, kunne være svært lønnsam men med stor fare for liv og utstyr. Gjennom dikt av **Johan Tufeland** og musikk av Jan Tufeland legg vi til havs med gamle harpunar og segl som råme. Skodespelet om brugdefangsten vert framført av **Jan og Endre Tufeland** og Kjell Magnus Økland. Arr. Hordamuseet



Torsdag 13. september 2018 Kl. 1700— 2000
Velkommen til et 3 timers introkurs i kajakk. Er du mellom 7-9 år, er dette en kjempefin aktivitet og morsom kveld å få med seg! Oppmøtested: Parkeringsplass ved **Tennebekktjørna (øverst i Nipedalen)**.
Pris: Medlemspris for barn (0-12 år) kr. 450,-. Prisen inkluderer instruksjon og leie av alt nødvendig utstyr. Merk at barna må ha eget medlemskap i BHT/Barnas Turlag for å delta på kurset.
Mer info på www.bergenoghordalandturlag.no
Arr. Barnas Turlag, Bergen og Hordaland Turlag

Torsdag 13. september 2018 Kl. 1830 – 2030
Programmet handler om emigrasjonen til til Nord-Amerika på 1880-talet og songen og kulturen emigrantane hadde med seg i «**bagasjen**». Sjø omtale på s 17. Bergens Sjøfartsmuseum vil innleia til forestillinga med eit kort foredrag om migrasjon, med vekt på utvandringa til Amerika. Utstillinga om emnet vil òg supplert i samband med arrangementet. Det blir enkel servering, og gjestene vil få høve til uformell prat med utøvarar og foredragshaldar. Arr. Bergens Sjøfartsmuseum

Søndag 16. september 2018 Kl. 12:00– 13:30
Arild Marøy Hansen, tar oss med gjennom Bergens Sjøfartsmuseums
 enestående modellsamling av tradisjonsbåter. Det blir også tid til
 spørsmål og innspill fra publikum. Til slutt vises filmen «**Båbyggjaren**»
 (12 min), hvor vi følger byggingen av en Oselvar.
 Arr. Bergens Sjøfartsmuseum

Galleri Mjøsvangen
Laurdag 4. august 2018 Kl. 1400 — 12. august 2018 Kl. 1800
 Utstilling: **Linda Skare**, teikning og **Skjalg Ekeland**, foto
 Utstilling: **Elke Karnik**, installasjon
 Galleriet er elles opene kvar sundag frå 24. juni. Mjøsvangen kafe er òg open.
 Arr. Osterøy Kunstlag

Det blir **sjøveis kyrkjerei til gudstenesta i Hamre kyrkje** søndag 5. august. Tre fjordabåtar går frå Bergen og plukkar opp passasjerar i Breiviken i Sandviken, Eidsvåg, Salhus, Frekhaug, Steinestø og Tellevik. Avgang frå Bryggen 08.45 (Granvin) og 09.00, frå Breivik i Sandviken 0915, frå kommunekaien i Eidsvåg 09.30, frå Frekhaug 10.00, frå Salhus 10.00, frå Steinestø 10.15, frå Tellevik 10.15. Ankomst Hamre 10.30. Kyrkjeroing til kyrkja. Gudsteneste kl. 11.00 ved prest **Helle Maria Wolstad** og prost **Øystein Skauge**. Omvisning i og ved kyrkja 12.15 og 12.35 ved Kristoffers Foldøy. Kyrjekaffi ved Borgstova med sal av mat og drikke. Returavgang frå Hamre kl. 13.00. **Kapprace på Byfjorden kl. 14.00. To klassar: dampskip og motorskip.** Passasjerar kan bringast tilbake til Steinestø, Frekhaug, Salhus eller Eidsvåg. Ankomst Vågen 14.30. Sal av mat og drikke om bord i båtene. Billettsal på www.ticketco.no eller ved ombordstigning reisedagen. Arr. Den Norske Kyrkja, Fjordsteam AS, Kystsogevkene



Velkommen til praktisk kurs i ullsortering der vi lærer mer om ulike bruksområder for ull fra tradisjonelle saueraser. Kursholder: **Ingvild Svorkmo Espellen** daglig leder **Selbu Spinneri**. Selbu spinneri ligger på Klæbu i Trøndelag, der de spinner ull fra norske saueraser. De spinner både garn på bestilling fra saueiere og garn for eget salg.

Mål med kurset er at du etter endt kurs skal kunne:


- Sortere ull i ulike brukskvaliteter som egner seg til spinning, toving og annen bruk av ull
- Sortere ull etter farge med tanke på bruk og reproduserbarhet fra år til år
- Kjenne til foredling av ull i mindre spinneri
- Ta vare på flest mulig kvaliteter av ulla for ulik bruk
- Få ideer og inspirasjon med tanke på foredling og næringsvirksomhet innenfor lokal ullforedling

Kurset er egnet som en innføring for de som vil jobbe videre med ull fra egen gård eller med ull generelt. Det blir anledning til å jobbe med egen ull under kurset for de som har, ellers brukes ull fra spinneriets lager, og det blir anledning til å kjøpe ull fra spinneriet. Selbu spinneri viser ull fra mange av de norske bevaringsrasene av sau under kurset, og forteller om egenskapene til ulla hos de ulike rasene. **Ullsortering er håndbåren kunnskap – du lærer ved å sortere ulla sammen med kursholder.**

Meir info på www.muho.no/osteroy-museum
 Arr. Osterøy Museum

samband med opninga vert **D/S Oster** sett inn i rute frå Bergen med stopp på Østereide og Tyssø. Deretter går turen innom Askildneset med visning og forteljing om dei nyrestaurerte laksegiljene. Deretter går Oster til Kleiveland kai. Her vert det ein opningsseremoni med talar, kulturelle innslag og noko attåt. Ordforar **Jarle Skeidsvoll**, Osterøy kommune, foretek opninga av friluftsområdet. Bergen og Omland Friluftsråd har rehabilitert kaien og området rundt. Kaien er sett i god stand for småbåtar. Her er det og strand for bading og kanopaddling. Det kjem nytt venteskur, og området vert opna for ålmenta med teltplass og toalett med meir. Det vert arbeid med å tilby merka sti frå Kleiveland over utmark til laksegiljene på Askildneset. Stien går gjennom vakker natur med panoramautsikt over Osterfjorden. Det vert òg arbeid med å skipe intimkonsert i Fotlandsvåg om kvelden laurdag 15.09. og gudsteneste i Hosanger kyrkje søndag føremiddag 16.09. Meir info om dette kjem på www.kystsogevekene.no

Arr. Osterøy Turlag, Kleiveland Gard, Ta Fjorden Tilbake, Bergen og Omland Friluftsråd og Osterøy Reiselagslag





Sund

- livet ved havet

Sundsokingane har alltid hatt møteplassar ved sjøen. På kaiane fann ein butikken, der kom dampen innom og der var det liv. Infrastrukturen og samferdselsårene har endra seg, så då må ein skapa ny aktivitet for å ta vare på kaiane som møteplass. Andre pinsedag vart det arrangert fjordabåttur til Telavåg! Då stilte folk opp i stor stil på dei ulike kaiane i Telavågsbygda og det var liv og røre på kaiane, i nausta og ikkje minst om bord i dei ulike fjordabåtane. Det viser at folk set pris på å møtast ved sjøen. Under Kystsogevekene 2018 får ein nye høve til å møtast ved sjøen både i Trellevik, ved Kleppesjøen og på Glesvær. Der kan ein

oppleva aktivitetar, kunst & kultur og ikkje minst drøsa med kjente og ukjente som finn vegen til arrangementa. Lukke til med Kystsogevekene 2018!

Venleg helsing
Kari-Anne Landro
Ordførar




Austevoll

- ut mot hav

Knapt nokon stad er naturen nærare, sjøen blankare og omgivnadane finare. Mindre enn ein time unna Bergen sentrum ligg Austevoll – eit reisemål ulikt det meste anna. Øysamfunnet byr på late sommarkveldar og friske hauststormar, mat i verdsklasse, Noregs beste gjestehamn, flotte kulturopplevingar og blått hav så langt du ser. I Austevoll kan du ta del i den levande kysthistorien. Under Kystsogevekene inviterar austevollingane deg med på både storhendingar i form av konsertar,

seglkurs, kapproing og marknadsopplevingar i Bekkjarvik, og gode, fredfylte naturopplevingar i smale sund og mellom øyane i robåten under Den Store Roen eller på fotturar langs milevis av oppmerka turløyper. Hjarteleg velkomen til Austevoll.

Venleg helsing
Morten Storebø, ordførar



PROGRAM

Hamnedagane på Kleppe

Fredag 17. august 2018 Kl. 1730 – 19. august 2018 Kl. 0200
Kleppe Grendalag inviterer folk i alle aldrar til ein festdag ved Kleppesjøen med rot i kystkulturen på Sotra og omegn.
Fredag 17. august: Hamnemila – 1852 meter. Kl 17.30 Start første pulje. Kl. 20.00 Premieutdeling.
Laurdag 18. august: Hamnedagen
Fisketevling frå land og båt og i i indre hamn, innlevering av kaker til kakebaketevlinga, marknad, kapproing, aktivitetar for barn, fotoutstilling, historieforteljing, Elias - båttur for barn, premieutdeling, badeballsleppet!
Kl. 2000-0200: Dorene opnar på **Hamnedansen**, ein gammaldags striladans. 18 års aldersgrense.
Meir informasjon på www.hamnedagane.no
Arr. Kleppe Grendalag

Trellevikstemnet

Søndag 26. august 2018 Kl. 1200–1600

Vi ønsker velkommen til det tradisjonsrike **Trellevikstemnet på Toftarøyna**. Programmet er ikke klart i skrivende stund, men det blir musikk og sang under kulturdelen. Sund Kystlag stiller med joller, kanoer og andre farkstar. Arr. Folkeakademiet i Sund

Nytt i Naust på Glesvær

Søndag 16. september 2018 Kl. 12:00– 18:00

Naustforeninga Nytt i Naust arrangerer **utstilling og konsert** på Handelstaden Glesvær. Foredrag om naust ved forfatter og fotograf **Trond J. Hansen**. Frå omtalen av boka: De fleste nordmenn har sannsynligvis et forhold til naust. På bygninger har preget kysten vår i større grad enn naustene, og de har derfor vært særdeles viktige for folk langs kysten som har gjort seg nytte av havet, og det havet gir. Uten naust er det vanskelig å se for seg kystkulturen slik den har vært, og er. Foruten å være en dyd av nødvendighet for kystfolk, har naustene også vært av stor sosial verdi. Ofte virket de som sosial samlingsplass hvor folk møttes for å slå av en prat, utveksle erfaringer og fortelle historier. Etter foredraget vert det sal av naustboka og det vert naustutstilling i Naustet på Holmen, med avsluttande konsert.
Arr. Naustforeninga Nytt i Naust



Utstillingane på Nordsjøfartsmuseet i Telavåg

Nordsjøfartsutstillinga
Telavågutstillinga: Ingen andre stader i Noreg vart så hardt råka av tysk terror under andre verdskrigen som Telavåg. På Nordsjøfartsmuseet i Telavåg blir den dramatiske historia til folket her ved havet fortalt. Du vil få innblikk i unike historier frå kvinner, barn og menn som opplevde terrorhandlinga.
Virtuell vandring i Telavåg: Last ned appen «Virtuell vandring Telavåg» og la appen guide deg til dei mest sentrale stadene for hendingane i Telavåg under 2. verdskrigen. Samtidig fortel den deg historiane (film, bilder, lyd) som er relevant for stadene.
Nordsjøfartsutstillinga: Under krigen var det dødsstraff for å krysse Nordsjøen. På Nordsjøfartsmuseet får du eit innblikk i liva til dei som trassa forbodet. Dei fleste flykta over til Storbritannia for å verve seg i dei allierte styrkane og mange risikerte livet for å frakte våpen, agentar og utstyr tilbake til motstandsørsla i Noreg.
Opetider august: Måndag-laurdag 1100-1600, søndag 1200-1700.
Elles etter avtale
Opetider september: Søndag 1200-1700. Elles etter avtale.
Arr. Nordsjøfartsmuseet



PROGRAM

Den Store Roen

Laurdag 11. august 2018 Kl. 1000– 12. august 2018 Kl. 1700

Arr. Austevoll Kystlag og Hordaland Fylkeskystlag

Den Store Roen er ein familievenleg rotur som skal gå på rundgang mellom kystlaga i Hordaland, altså skal arrangementet ha ny arrangør og ny rute for kvart år. Ruta vert lagt opp etter ver og vind. Dersom veret er godt, kan ein basera seg meir på opnare farvatn. Dersom dersom veret ikkje er så godt, vert ruta lagt til skjerna farvatn. Undervegs vert det stopp med påfyll av både andeleg/ historiske og fysisk føde. Turen har fleire høve til ekstrasløyfar for dei som vil ro meir og avkortingar for dei som vil ro mindre.

Førebels program: Utsetjing av båtar kan skje i Gråsidalen, Storebø. Evt. overnatting frå fredag til laurdag kan skje i telt eller evt. på Storebø skule.

Laurdag: Avgang ca klokka 1000 – ca 9-10 nautiske mil = ca 8 timar roing inkl stopp og pausar. Storebø til Heimarkspollen gjennom Småstraumane og omvisning på båtverkstanden Slorkjen. Deretter roing gjennom hovudstraumen til det gamle kommunesenteret Bakholmen. Derifrå går turen forbi Galgen og gjennom Drønsstraumane til overnatting på gamle Drøna skule. Overnatting i gymsal eller i telt på grusbanen bak skulen. Her er det tilgong til eit velutstyrt kjøken, toalett og tilbod om å kjøpe varm mat.

Sundag: Avgang ca. kl. 0930 – ca 7-8 nautiske mil = ca 6 timars roing inkl stopp og pausar.

Sorover i Drønspollen gjennom Sørstraumen mot Bussesund og steinbrotet i Storevikjo. Derifrå er det fleire alternativ. Er veret på lag med oss, går vi vidare mot Kobbaneset eller Bekkjarvik på Selbjørn. Er veret mindre medgjerleg med oss går turen tilbake til Storebø via Råtehol på Hundvåkøy. Dersom veret innbyr til roing vidare mot Selbjørn, vil turen avsluttast der. Det vert ordna med transport til henting av bil og båthengjar.

Kontaktperson:

Thomas Johnson,
johnson@lysglimt.net
tlf 959 13 144

Kystsogehelg i Bekkjarvik & Kvalvåg

Fredag 24. august 2018 Kl. 1900 – 26. august 2018 Kl. 1400

Kystsogehelga i Bekkjarvik & Kvalvåg er den 25. i rekkja og byr på konsertar - rokonkurransen "edel kappestrid mellom øyane" - marknad & folkeliv.
Fredag kl. 1900: konsert i Løo med **Didrik Solli-Tangen**
Laurdag 1000-1600 Kystsogemesse i Bekkjarvik hamn
1000 Opning av messa: sjømat, villsau og handverk
1200 Velkomst v/ordførar **Wenche Tislevoll** frå Fitjar
Seglskuta «Seladon» seglar med store og små
Song, musikk, intervju
Kl. 1300 Fiskekonkurranse for ungane
Kl. 1500 Rokonkurransar
Menn. og kvinneklassar / seksæringar
Løypa går langs moloen med hundrevis av tilskodarar
Særklasse i år: **«Slaget om Bekkjarvik»**
Tevling om Bekkjarvik si tilhørsle der heradsstyra i Austevoll og Fitjar vert utfordra til å stilla kvart sitt rolag og ro med større båtar med mange årepar
Kl. 2100 Midnattskonsert i Stolmen kyrkje: song og musikk med **Solveig Leithaug**
Sundag kl. 1200 Gudsteneste frå flytebyggja i Bekkjarvik hamn: soknepresten, dåp, **Solveig Leithaug**
Arr. Bekkjarvik Eiendom


Seglkurs for ungdom

Fredag 24. august 2018 Kl. 1700– 26. august 2018 Kl. 1700

Austevoll Seilforening arrangerer seglkurs i jollesegling for ungdom mellom 9 - 15 år. I løpet av kurset blir det óg SUP-padling. Kontaktperson: Andreas Iversen, A.Iversen@me.com NB! Kurset er fullteikna med venteliste.

Arr. Austevoll Seilforening






Os

- inspirerer

Velkommen til Kystsogevekene i Os!

Os har ei lang historie med velkjend kystkultur, og det er ei glede å presentere eit variert program gjennom Kystsogeveke. Vi er ein kommune med lange tradisjonar med fiske og småbruk som levebrød, samt kunst og handverk som har vore med å forma vår identitet. Rosemåling er ei kunstform vi har klart å ta i vare og som vi er stolte av, og ikkje minst Noregs nasjonalbåt, Oselvaren, som står på UNESCO si verdsarvliste over immateriell kulturarv. Oselvaren er vår store stoltheit!



Eg håpar mange finn vegen til dei arrangementa som finn stad i bygda vår gjennom Kystsogevekene, drivne fram av frivillige krefter, som speglar våre tradisjonar i det moderne samfunn. Gler oss til å sjå deg!

Marie E. L. Bruarøy
Ordførar, Os kommune



PROGRAM

Offisiell opning av Kystsogevekene i Os

Laurdag 4. august 2018 Kl. 1000— 1500

Vel møtt til offisiell opning av Kystsogevekene i Os! Det vert fiskekonkurranse frå sjø og land, underhaldning på kaien, lotteri og sal av kortreist mat. Meir info på www.facebook.com/KystsogevekeneiOs Arr. Os kommune og Os Fritidsfiskarlag og Bunnpris Vedholmen

Galleri Vedholmen: opning av separatutstilling med billedkunstner Rolf Monsen

Laurdag 11. august 2018 Kl. 1600

Rolf Monsen er født 1946 i Bergen og utdannet ved Vestlandets Kunstakademi. Han har hatt en rekke utstillinger i inn- og utland og er bl.a. innkjøpt av Norsk Kulturråd, Nordenfjeldske Kunsthistoriskmuseum og Statoil. Utstillingen viser malerier på lerret og papir. Han reiser ofte på studie-reiser til Spania og han har bodd bl.a. i Sydney, Australia og oppholdene der har påvirket arbeidet og gjort bildene varmere og lysere enn før. Et gjennomgående element i Monsens bilder gjennom mange år er noen menneskelignende figurer, en blanding av menneske og dyr. En myriade av figurer som svever i et stort rom, et mikro- eller makro-kosmos. En frodig verden med innslag fra flora og fauna. «Bildene mine er en kombinasjon av det planlagte og det som kommer underveis. Det å våge og ikke alltid ha kontroll, der oppstår bilder som gir meg mye. Spenningen mellom menneskenes kunnskap og dyrenes virkelighet opptar meg. Jeg prøver å gi bildene ekspressivitet og rytme som veksler med meditative, gjentagende uttrykk.»

Åpningstider:

Torsdag kl. 16.00-20.00, Fredag, lørdag og søndag kl. 12.00-16.00. Meir info www.facebook.com/vedholmengalleri og www.vedholmen-galleri.com Arr. Galleri Vedholmen

Telttur til Ervikane, Os (3-10 år)

Laurdag 25. august 2018 Kl. 1200 — 26. august 2018 Kl. 1400

Barnas Turlag Bergen inviterer til telttur. Vi går på oppdagelsestur, leker, bader, griller og koser oss. Oppmøte: 25. august kl 12:00 ved Ervikane friluftsområde parkeringsplass. Turledere: Gerke (41 20 28 02) og Elin (98 08 33 68). Deltakere må ta med: sovepose, liggeunderlag, kniv, lykt, drikke, mat (utenom middag lørdag), metallskje/spork, bestikk, fat og eget telt om ønskelig. Badeklær, håndkle, solkrem og varme klær til kvelden og natten. Gjerne fiske- og krabbefisking utstyr. Sjå oppdatert info www.bergenoghordalandturlag.no Arr. Barnas Turlag, Bergen og Hordaland Turlag




Foto: Åsmund Lien



Fusa

- midt i blinken

Fusa kommune har ei lang kystsone og kystkulturen står sterkt i Fusa både når det gjeld bruk og vern. Historisk og også framleis er Fusa kjent for tønneproduksjon (bøkring). Det er vanskeleg å nevna kystkultur utan å ta med Bjellandsfabrikkane som var lokalisert i vår kommune. (Eikelandssosen og Strandvik). Vidare nevner eg og Sildoljefabrikken i Strandvik. I Fusa hadde me dyktige brislingfiskarar som dreiv svært godt. I dag er oppdrettsnæringa ei sentral næring i Fusa og det var vel ikkje tilfeldig at pionerane i denne næringa hadde sin bakgrunn i brislingfisket. Kystsogevekene er ei viktig påminning for oss alle om kor viktig kystområda våre er og var for Fusa spesielt og Kysten generelt. Historisk har me alltid hatt stor aktivitet og verdiskaping i det



som i dag blir kalla 100 – metersbeltet. Derfor er det i dag krevjande og oppleve at i dag er dette historisk verdifulle området vanskeleg å etablere aktivitet i det same området. Lykke til med årets kystsogeveker og med utfordringa det er med å kombinere bruk og vern av det same området!

Med venleg helsing
Atle Kvåle, Ordførar Fusa kommune

PROGRAM

Folkesongen i Hordaland - Kvilestein

Konsert søndag 26. august 2018 Kl. 17.00— 19.00 i Holdhus kyrkje

Folketonar og slåttar frå Hordaland der song, fele og fløyter blir nytta i programmet. Konserten er lågmalt og vakker. Balsam for sjela – eller som ein kvilesten i ein travel kvardag. Det er folkemusikarane **Kjersti Wiik, Laila Kolve og Einar Mjølunes** som vil gje oss denne kvilesteinen. Hordaland har ein rik folkemusikktradisjon som ivrige sjeler arbeider med å ivareta og presentere via konsertar og lydproduksjonar. Den flotte, gamle kyrkja i Holdhus er ein glimrande arena for å presentere vår eigen kulturarv: feleslåttar, fløyteslåttar, religiøse folketonar og andre vokale folkemusikalske uttrykksformer blandar seg med den vakre arkitekturen og utsmykkinga i dette unike kyrkjebygget. Arr. Fortidsminneforeningen Fusa lokallag

Torgdag på Engevik Gaard

Søndag 26. august 2018 Kl. 1300— 1700

Det blir torghandel i hagen på offisersgarden frå 1700-talet. Her kan du handla deg ulike typar **lokalmat og handverk, kunstutstilling og open restaurant.** Meir info: www.engevikgaard.no Arr. Engevik Gaard

Ungdomslaget Samhald 100 år - Familiedag

Laurdag 8. september 2018 Kl. 12.00— 23.59

Velkommen til **100-års feiring av Ungdomslaget Samhald på Holmefjord**. Feiringa tek til ute ved Nore Fusa skule frå kl. 12.00. Denne dagen skal vere for born og unge i ungdomslaget si and. Det vert aktivitetar, leikar og konkurransar for heile familien. Me satsar på fint vær, og moglegheit for grilling! **Ungdomslaget vil også ha nokre kjekke overraskingar på lur.** Med denne dagen ønskjer ungdomslaget at born og unge skal få kjennskap, eigarfølelse og engasjement til ungdomslaget og bygda. I håp om at dugnadsånden for liv i bygda skal leve vidare i minst 100 år til. Dette er ein av to markeringar i forbindelse med 100 års jubileumet, den andre markeringa vil foregå laurdag 29.september og vere ein jubileumsfest for dei over 18 år. Med gamle styremedlemmer som æresgjestar. Meir info: www.facebook.com/ulsholmefjord og www.instagram.com/ulsholmefjord Arr. Ungdomslaget Samhald





Bømlo

- driftige folk i vakker natur

Du er aldri langt frå sjøen på Bømlo, ein øykommune med til saman over 1 000 større og mindre øyar, der Nordsjøen er næraste nabo. Det maritime miljøet pregar næringslivet. Sjøen er også viktig for reiselivsnæringa, der skjergarden lokkar med holmar og øyar, lune vikar og kanalar. På Bømlo finn du vekslande natur, frå det karrige landskapet ytst mot havet, til meir frodige område. Frå Siggjo (474 m.o.h.), den høgaste fjelltoppen, er det utsyn frå Folgefonna i aust til Haugesund i sør, eit

populært turmål og kjent landemerke. Bømlo er eit eldorado for fiskeinteresserte, kajakkentusiastar, og både syklande og gåande har flotte alternativ å velje mellom. På Bømlo kan du oppleva kunst, kultur og festivalar gjennom heile året! Under Kystsogeveke ved Kuleseidkanalen, Langevåg, og Moster Amfi.

Helsing
Odd Harald Hovland
Ordførar Bømlo



Fitjar


- det nære øyriket

Hjarteleg velkomen til Kystperla Fitjar

Med eit mylder av øyar og skjer er Fitjarøyane ei kystperle for eventyrlystne sjøpadlarar, fiskarar og båtturistar. I Fitjar sentrum på Sjosio hos Larsen har vi ein framifrå båthamn med dei fasilitetar som skal til for å få eit vellykka opphald. Fitjar har ein rik historie frå steinalder til nyare tid. Kulturhistorisk tursti startar ved statuen av Håkon den Gode, som fall i slaget på Fitjar i 961, og endar ved Rimsvarden, eit av dei største forhistoriske gravminna i Hordaland. Fitjarfestivalen går av stabelen 8. – 12. august. Masse god lokalmat,

konserter, fiskefestival m.m. Open dag i Årskog Museum søndag 9. september der saga om kystgarden er tema. Håpar mange tar turen til Fitjar og deltar på arrangementa i sommar.

Wenche Tislevoll
Ordførar – Fitjar kommune



PROGRAM

Kystsogedagane i Langevåg

Fredag 24. august 2018 Kl. 1900 – 26. august 2018 Kl. 2000
Rikholdig program tre dagar til endes i Langevåg.

Fredag

Lubbesild og sjømat buffet, med Cabaré med Bergen Shantykor
Kl. 19:00 Dørene opnar
Kl. 19:30 – Kl. 21:00 Servering av sjømatbuffet
Kl. 21:00 Cabaret «Wiskhy and Cigaretts and wild,wild women»
Dans med «Never Mind»
Kl. 01:00 Slutt

Lørdag

Kl. 08:00 – 11:00 kan du kjøpe Cowboyfrokost i Bømlo Bedehus
Kl. 11:00 Åpnes dagen med konferansierene Helge Hammersland
Kl. 11:00 Eliasbåten starter kjøring, og vil holde på til kl 15:30
Kl. 11:30 Ro konkurranse, Dameklasse & Herre klasse.
Fortløpende premieutdeling
Kl. 12:00 Matsalg av fiskesuppe, fiskekaker, bacalao, grillmat, kaker og kaffe
Kl. 12:00 Bygdapris utdeling
Kl. 13:00 Trekning av vinneren (kakebaker) av Show/Dans billetter
Kl. 13:00 Trubaduren Åsmund Nesse
Kl. 14:00 Barneparade fra Eidesvikbygget til Bygdatur
Kl. 14:00 Foredrag om Englandsfarten under 2. Verdenskrig v/Bernt Emil Vika
Loddsalg hele dagen. Masse flotte stander.
Kl. 15:10 Kassabilløp med flotte premier.
Start i midten av «Vodlabrekka»
CA Kl. 15:30 Premieutdeling, loddtrekning.

Lørdag kveld

Kl. 20:00 Dørene åpnes
Kl. 20:45 Stand Up med Kristian Arntsen «Vladimir Zlatan»
Kl. 21:30 Show med «Slogmåkane»
Kl. 23:00 Dans med « Trekantsambandet»
Kl. 02:00 Slutt

Søndag

Kl 15:00 Bømlo Sokneråd arrangerer vandring på gamle kyrkjestien
Oppmøte på Vika v/ skytterbanen.
Forfriskninger på kyrkjebakken etter endt tur og sangtime i Gamlekyrkja.
Kl.17:00 Gratis kino & pizza for ungdom aldersgruppe 11 – 18 år.
Meir info på www.bygdatur.no
Arr. Langevåg Bygdatur


Kanaldagane ved Kuleseidkanalen

Fredag 31. august 2018 Kl. 1700 – 2. september 2018 Kl. 1700
Velkomen til innhaldsrike dagar ved Kuleseidkanalen med maritim messe, underholdning, utstillarar, salsboder, konserter og moro! På programmet under Kanaldagane finn du:
- Slogmåkane - Ausekarane - Matti Røssland - Alexx Alexander (fantastisk trylleshow) - Inge Halstensen - Kristian Grutle - Våge Skulemusikklag - Gudsteneste - Maritim messe - Quiz
- Hordakysttreff – samling for kystlaga i Hordaland
For borna:
- Elias båt - Sjørøvershow - Barnedisco - Hoppeslott
Stort telt !!
Meir info på www.kanaldagane.no
Arr. Kanaldagane

Opning av Kystsogeveke-utstillinga: Brian Wallace

Laurdag 1. sept. 2018 Kl. 1200 – 16. sept. 2018 Kl. 1700
Moster Amfi inviterer til opning av årets Kystsogeveke-utstilling med **Brian Wallace**. Opning ved **Kjell Magnus Økland**. Musikkinnslag: **Heidi Vespestad Halleraker & Sverre Leon Larsen**. Brian Wallace er Haugesundskunstnaren frå Boston i USA, som flytta til Norge i 1992. I Haugesund har han sitt eige galleri, der han og arrangerer malekurs. Brian Wallace er utdanna ved «**The Art Institute of Boston**». Han er kjent for sine fargesterke maleri av kystlandskap, sjøhus og bymiljø, men malar og abstrakt. Brian Wallace malar og på bestilling til både private og næringsliv. Brian Wallace er ein anerkjent kunstnar som deltek både som festivalkunstnar og har ofte utstillingar i regionen. Arr. Moster Amfi

Kunst: Brian Wallace



PROGRAM

Omvisningar på Engesund Visningssenter

Laurdag 4. august 2018 Kl. 1000– 16. september 2018 Kl. 1500

Engesund Fiskeoppdrett Visningssenter tar i mot alle som vil koma ut å sjå på laksen og korleis eit fiskeoppdrett fungerer! Her kan alle som ynskjer å sjå kva oppdrett er og korleis det blir drive kome. Du får smaka på laksen som me produserer, og du får sjå den i merden. Du får ein ugløymeleg tur i det flotte øyriket vårt. Du kan også kjøpa middag eller lunsj her, basert på vår eigen laks. Opningstider sommar, medio juni – medio august. Kvar dag med faste avgongar kl 10, kl 12 og kl 14. Resten av året kun ope etter avtale. Henting og bringing på kaien på Fitjar. Meny og prisar finn du på www.engesund.no

Kontakt oss på lisa@engesund.no eller ring 95 18 99 50
Arr. Engesund Visningssenter


Fitjarfestivalen

Onsdag 8. august 2018– 12. august 2018

Årets Fitjarfestival kan lokka med eit rikt og variert program: **Alverflaten Jazzband**, bodgate, **Klangboltane**, masse god lokalmat, **Housevake m/Petter Aagard**, sjørøvertur og masse moro for barn, ungdomsarrangement, **Arild Brakstad (Det sorte gull)** holder foredrag og sjølvsagt blir det den tradisjonsrike fiskefestivalen.

Sjå oppdatert program på www.fitjarfestivalen.no
Arr. Fitjarfestivalen






Stord

Sjøen, kysten og verda der ute har alltid vore sentralt for Stord og stordabuen.

Aktivitetar knytt til sjøen har gjeve oss arbeid, vekst og utvikling. For å forstå dagens samfunn er det naudsynt å kjenna historia og kva som har ført oss hit. Difor er det avgjerande viktig at me tek vare på og formidlar vidare tradisjonane frå kystkulturen – og at me minnar oss om at når me på Stord leverer og utviklar maritim teknologi og produkt i verdsklasse i dag, så står me på

skuldrene til dei kjempene som gjekk føre oss og la grunnlaget for industrien vår. Me ser fram til nye kystsogeveker med spennande og interessante arrangement for alle generasjonar – som me vonar vil bidra til auka interesse for kystkulturen.

Gaute S Epland
Ordførar Stord kommune



Tysnes

- framtid på historisk grunn

Helsing frå ordførar til kystsogevekene

Me gler oss til å nok ein gong visa fram den flotte kystkulturen i Tysnes kommune under årets Kystsogevekene. Tysnes er full av historie, og ein natur så vakker som den kan bli. Det har ein gode høve til å oppleva frå 4. august til 16. september. Under årets kystsogevekene kan ein segla i fagre Bjørnefjorden, besøka handelstaden på Årbakka eller oppleva gamal bondekultur i Kulturløo på Drange. I tillegg blir det dans, foredrag og

historiefortelling. Me gler oss virkelig til å visa fram det me har. Eg vil ynskja alle dei frivillige bak arrangementa lukka til, og ynskja publikum velkommen til Tysnes under Kystsogevekene 2018.

Helsing Kåre Martin Kleppe,
Ordførar



PROGRAM

Håkonar-seglasen

Fredag 17. august 2018 Kl. 1700 – 19. august 2018 Kl. 1700
Ei **regattahelg** med baneseglas på Leirvik på fredag. **Distanseseilas** til Brandasund på lørdag med samkome på Fabrikkløftet lørdag kveld. Distanseseilas tilbake til Leirvik søndag.
Arr. Stord Seilforening

Vervadagane på Jensaneset

Laurdag 25. august 2018 Kl. 1000 – 26. august 2018 Kl. 1600
Utstillingar i plankahuset, båtmar med kaien, skipsarbeid på verven, arrangement for borna, tur med «**Brit-besto**», saging på oppgangssaga, tau, spleis og knutar for born og vaksne. Kafé og salsbodar med handverksprodukt. Butikken er open med sal av nymalen kaffi, brød og snop. Smeden i smia. Koking av bek, lagning av trenaglar. Sagvåg Musikkklag spelar. **Konsert med Stanley Jacobsen.**
Søndag 26. august: Vervagudsteneste i friluft på kaien.
Arr. Sagvågen Kystlag

Kanotur på Storavatnet ved Litlabø

Søndag 26. august 2018 Kl. 1100 – 1500
Me inviterer til kanotur i år også, denne gongen på Storavatnet (Litlabø). Me startar frå Vaskeriplanet, og utforskar holmar og sund i dette spennande vatnet. Her er det også høve til å ta med fiskestang. Me gjer strandhogg og tek matpause på ein av holmane. Oppmøte på Vaskeriplanet kl. 1100. Ta med redningsvest.
Kontaktperson: **Stein Aaserud**, tlf + 47 922 68 387. NB! Begrensa plasser, påmelding innan torsdag 19. august.
Oppdatert info på www.stord-fitjar.dnt.no
Arr. Stord-Fitjar Turlag og Barnas Turlag

Haust på museet

Laurdag 1. september 2018 Kl. 1100 – 1500
DET STARTA MED SILDA: Stor, ny utstilling med aktivitetar og filmar. Omhandlar heile Sunnhordland si maritime industrihistorie, som starta med det store sildefisket på 1900-talet, og held fram i vår tid med nye næringer som havbruk og grøn skipsfart. Fyrste del av ein maritim utstillingsserie i tre deler. Omvising og miniforedrag om Islandsfiske. Kafé og aktivitetar i husa og på tunet.
Arr. Sunnhordland Museum og Stord Husflidslag

Kom deg ut dagen - v/Skjephaugen

Søndag 2. september 2018 Kl. 1200 – 1500
Barnas Turlag/Stord-Fitjar Turlag inviterer til den årlege **KOM DEG UT-dagen ved gapahuken i Skjephaugen**. Det blir padling i Skjephaugvatnet. Turteipp og natursti. Servering av pølser, saft og kaffi. Velkommen til verdas største leikeland på kom deg ut dagen!
Arr. Barnas Turlag, Stord-Fitjar Turlag



Foredrag om naust

Tysdag 4. september 2018 Kl. 1900 – 2100
Stord Maritime Museum og Stord Folkebibliotek inviterer til temakveld om naust. Fotograf og forfatter **Trond J. Hansen** presenterer si nye bok (utgitt våren 2018 på Jæren Forlag) om naust. Få bygninger har preget kysten vår i større grad enn naustene, og de har derfor vært særdeles viktige for folk langs kysten som har gjort seg nytte av havet, og det havet gir. Uten naust er det vanskelig å se for seg kystkulturen slik den har vært, og er. Foruten å være en dyd av nødvendighet for kystfolk, har naustene også vært av stor sosial verdi. Ofte virket de som sosial samlingsplass hvor folk møttes for å slå av en prat, utveksle erfaringer og fortelle historier. Forfatteren tar leseren med på en reise langs kysten av Vestlandet. Han besøker de ytterste nakne øyer, de trangeste fjordene, de luneste fiskeværerne og de de nakne strendene langs jærkysten. Til alle steder hvor naust finnes. Underveis på reisen blir det gitt informasjon om naustene; om rødfargen, om konstruksjonene, om tilhørende båter... Ja, til og med om fuglene på mønekammen. Etter foredraget blir det salg av boka NAUST. Arr. Stord Maritime Museum og Stord Folkebibliotek

Hamnedag i Leirvik

Laurdag 8. september 2018 Kl. 1100 – 1500
Aktivitet i og ved museet på Natrutekaien og på Leirvik hamn. Seglturar med seglskuta Seladon. Øvrig program vert publisert seinare på www.kystsogevekene.no
Arr. Stord Maritime Museum

Bildekveld på museet

Onsdag 12. september 2018 Kl. 1900 – 2100
Bildekveld på Sunnhordland Museum. Bildeserien «**Minne frå eit fotoalbum**» inneheld fire korte bildeseriar frå Kjell Lønning sin fotoalbum. Broren Sten Inge Lønning si levande forteljarstemme fylgjer heile serien.
Seriane omhandlar:
Vårsildfiske og brislingfiske sør på Bømlo kring 1950
Sildefiske ved Island med MS «Basen» i 1961
Loddefiske og makrellfiske i Barentshavet og i Nordsjøen med MS «Æge» i 1968
Kolmuletråling med MS «Staaløy» sør i Norskehavet i 1983-84

Arr. Sunnhordland Museum

Hidle-seilasen

Laurdag 15. sept. 2018 Kl. 1500 – 16. sept. 2018 Kl. 1600
Hideseilasen er Stord Seilforening sin **familie/ferie seilas**! Seilasen er spesielt mynta på familier på tur i Sunnhordlandsbassenget, i tillegg til våre egne seilere! Merk at spinnaker/gennaker er ikkje tillatt og seilasen startar kl 1500, lørdag ettermiddag i smult farvann fra Leirvik om Hidle for kursen settes mot Fjelbergssund. Returseilas om Ilholmane med målgang i Eldøyane litt sør for Leirvik er søndag kl. 13. På Fjelberg er og muligheter for å ta turen til Borgundnuten 462 moh, der har ein flott utsikt over heile Sunnhordland. Arr. Stord Seilforening



PROGRAM

Utstilling: Jättseglarane frå Tysnes

Laurdag 4. august 2018 Kl. 1000 – 12. august 2018 Kl. 1700

Utstillinga viser saga om tysnesingar som utvandra til USA og vart profesjonelle mannskap på amerikanske kapp- og turseglbåtar i tida mellom 1900 og 1940. Utstillinga er open heile sumaren frå 15. juni til 12. august. Opetider 1000-1700 alle dagar bortsett frå mandag.
Arr. Jättlaget

Kystkulturdag på Årbakka Handelsstad

Søndag 12. august 2018 Kl. 1200 – 1700

Tysnes Kystlag inviterer til **kystkulturdag på Årbakka Handelsstad** med eit variert program på sjø og land:
Tjærebrekking (tretjære), segling/roing med ulike trebåtar, padling med kajakk og kano, tauarbeid: knuter/knop og spleising, motorutstilling med omvisning og oppstart av semidiesel-motor (17 HK Rap), open kunstutstilling og sal av kaffi, vafler, brus og is.
Arr. Tysnes Kystlag og Tysnes Ungdomsråd

Dansegalla i Tysneshallen

Laurdag 18. august 2018 Kl. 20:00 – 19. august 2018 Kl. 01:00

Bris og Steinar Engelbrektson Band spelar på årets dansegalla. Det blir bubilparkering på skuleplassen. Bar med sal av øl, vin og hot dog.
Arr. Tysnes Musikklag

Eventyrseglasen Askeladden på Bjørnafjorden

Laurdag 1. sept. 2018 Kl. 1100 – 2. sept. 2018 Kl. 1600

Milde Båtlag og Os Seilforening inviterer til eventyrseilasen Askeladden på Korsfjorden og Bjørnefjorden. Vi starter ved Blia, Korsneset og seiler til Våge på Tysnes. Der blir det sosialt samvær, hyggelig middag og premieutdeling på **Mandelhuset**. Søndag er det start med Våge og seilas nordover.
Meir info på www.os-seilforening.org
Arr. Os Seilforening og Milde Båtlag

Familiedag ved Kulturløo på Drange

Laurdag 8. september 2018 Kl. 12:00 – 16:00

Omvisning i **Kulturløo på Drange**, natursti for barna, maleriutstilling, sal av vafler, kaffe og brus.
Arr. Helge Berge Drange

Jaktefarten på Tysnes

Laurdag 8. september 2018 Kl. kl 14.00 – 15.30


Korleis vart jaktene på Tysnes bygde? Kven bygde dei og kvar vart dei bygde? I foredraget vil **Mikal Heldal, Olav Skjellevik og Jan Økland** fortelja om dette. Dei vil òg komma inn på Nordlandsfarten der desse jaktene mykje vart brukte.
Arr. Tysnes Sogelag



Tysnes

www.tysnesbladet.no

I «Tysnes» og på www.tysnesbladet.no kan du lesa alt om Kystsogevekene på Tysnes



Sveio



- midt i leio

Kystkultur på sitt beste

Kystsogevekene har gjennom mange år vore med å løfta fram viktig kystkultur i vår kommune. Nye generasjonar har blitt kjende med historie og aktivitet på ein spennande måte. Kysttunet i Auklandshamn, «Gullnaustet» i Buavåg og Ryvarden Kulturfyr er utgangspunkt for arbeidet med vår kystkultur. Her har mange fått kjennskap til gammalt handverk, kvalfangarhistorie, båtbyggjarkunst, matproduksjon, matoppleving, vår fyrhistorie, konsertar og nyare kystliv. Takk til alle som arbeider frivillig med vår kystkultur og historie. Takk til alle som er

med å lage opplevingar for liten og stor gjennom Kystsogevekene. Me gledar oss og ønskjer velkommen til nye Kystsogeveker i Sveio kommune!

Beste helsing
Jorunn Skåden
ordfører



Kvinnherad

Kvinnherad kommune er svært rik på kystkultur, og i kommunen er det mange eldsjeler som legg ned ein stor innsats for å ta vare på og formidla kystkulturhistoria. Så lenge det har budd folk i området har tilhøvet til sjøen vore sentralt. Halsnøybåten er eit av dei eldste døma vi har om folket sin bruk av sjøen. Heilt attende frå Halsnøybåten si tid og fram til i dag kan vi trekkja ei line. Kvinnherad har frå den tid til i dag vore ein sentral stad for båt- og skipsbygging. I dag har vi fleire verksemdar innan båt- og skipsbygging tilstades lokalt, og vi har også to av verdas fremste livbåtprodusentar lokalisert i kommunen. Kvinnheringane er stolte av kystkulturen og tradisjonane knytt til denne som vi er så rike på i vårt lokalsamfunn. Eit godt døme

på det er at den store skutefesten i Rosendal i år er valgt ut som vertskap for den offisielle avslutninga av Kystsogevekene 2018. Det høver godt at Kystsogevekene startar i Bergen og avsluttar i Kvinnherad, då det er to av dei mest staselege plassane i fylket! Eg ynskjer alle kystsoge-entusiastar til lukke med Kystsogevekene 2018!

Helsing Peder Sjø Slettebø, ordfører



PROGRAM

Kystlandskapsdagen i Sveio

Søndag 19. august 2018

Velkommen til **aktivitetsdag i Kystlandskapparken**. Fottur på den nye, fine turstien som er tilrettelagt i området av Svein Magne Vikse, med litt støtte frå Kystlandskapparken. Turen er lite krevande og tar omlag ein time kvar veg i delvis beitelandskap og naturlandskap ytterst på kysten i Sveio. Stien går forbi rester av ei mølle og ein stem som vart nytte til oppdemming av vatn for uttak av is til det rike sildefisket i si tid. Turen endar opp på Krokane som er eit populært område for båtfolket, men kanskje mest kjent for Smørsundkjerringa som budde her. Ho er kjent for trollkunster og overnaturlige evner. I si tid mykje nytta til å finna bortkomen buskap o.a. Her vil det bli servert litt kaffi og forfriskingar og kanskje gropsteikt lammelår dersom vi får det til. Det går sjølvsagt også an å koma sjøvegen for dei som måtte foretrekke d Detaljert program kjem på www.kystlandskapparken.no Arr. Kystlandskapparken i Sveio

Utvandringsdag på Kysttunet

Søndag 26. august 2018 Kl. 1300— 1600

Sveio Kystlag inviterer til temadag på **Kysttunet i Auklandshamn** om utvandringa til Amerika. Utstilling av bilete og gjenstandar, foredrag og servering av middag (kvalkjøt). Arr. Sveio Kystlag

Bedehuskulturen i Sunnhordland

Søndag 2. september 2018 Kl. 1030— 1530

Kl.10.30 – 11.00 startar ei **bilrebusløype** frå bedehus til bedehus, i alt 9 stk. Nokre av desse er ikkje lenger i bruk, eller blir brukte til andre føremål enn opprinneleg tenkt. I kvart bedehus får trafikantane eit spørsmål som dei skal svara på. Dei får utdelt eit «søndagsskulekort» i starten, og i tillegg til å skriva svara inn, får dei ein gullfisk/gullstjerne i kortet. Startkontingent: 50 kr pr. bil.

Frå kl.12.00 og utover blir det selt **lapskaus, kaffi og heimebakst i Sjøhuset i Buavåg**. Her skal også søndagsskulekorta leverast inn og rettast. Ein av deltakarane får ein fin premie!

Ca. kl. 14.30 vil redaktør og forfattar av boka «**Søte, salige Sunnhordland**» halda foredrag om bedehuskulturen i Sunnhordland. Redaktør er **Otto Ersland** og forfattar **Jane Junger**. I tillegg til dei vil Håkon Tolås spela bedehussongar. Arr. Sveio Gullforening

Utstillingsopning på Ryvarden: Rigmor Aase Bø

Søndag 2. september 2018 Kl. 11.00— 16.00

Utstilling med **keramikk** og foto av **Rigmor Aase Bø**. Utstillingsopning kl. 13.00. Arr. Ryvarden kulturfyr

Foredrag om naust i sjøhuset i Buavåg

Måndag 3. september 2018 Kl. 1500— 1700

Fotograf og forfattar **Trond J. Hansen** kom ut med **boka NAUST** våren 2018, i foredraget fortel og viser han bilete av naust frå ulike stader på Vestlandet. Frå omtalen av boka: De fleste nordmenn har sannsynligvis et forhold til naust. Få bygninger har preget kysten vår i større grad enn naustene, og de har derfor vært særdeles viktige for folk langs kysten som har gjort seg nytte av havet, og det havet gir. Uten naust er det vanskelig å se for seg kystkulturen slik den har vært, og er. Foruten å være en dyd av nødvendighet for kystfolk, har naustene også vært av stor sosial verdi. Ofte virket de som sosial samlingsplass hvor folk møttes for å slå av en prat, utveksle erfaringer og fortelle historier.

Forfatteren tar leseren med på en reise langs kysten av Vestlandet. Han besøker de ytterste nakne øyer, de trangeste fjordene, de luneste fiskeværerne og de de nakne strendene langs jærkysten. Til alle steder hvor naust finnes. Underveis på reisen blir det gitt informasjon om naustene; om rødfargen, om konstruksjonene, om tilhørende båter... Ja, til og med om fuglene på mønekammen.

Etter foredraget blir det salg av boka NAUST. Arr. Sveio Senioruniversitet



Foto: Irene Valen



PROGRAM

Båtbyggjedag på Øyra på Nerhus

Søndag 19. august 2018 Kl. 1300— 1600

Årets tema: Skottehandelen. **Vidar Ask** held foredrag. Og sjølvsagt blir det rigga båtbyggjeri for borna i år og. Utstilling av verktøy, båtmodellar og bilete som fortel om kvardagen til skipsbyggjarane. Smia blir open, saman med saga og skuret som var viktige arbeidshus. To Nerhus-familiar bygde fartøy her i tre generasjonar, mellom 1850 og 1960. Blant anna vart hardangerjakta Mathilde bygd på Øyra. Arr. Kulturnemnda i Ølve Bygdelag

Kom deg ut-dagen: Holmen friområde, Dimmelsvik

Søndag 2. september 2018 Kl. 1200 — 2. august 2018 Kl. 1500

Vi legg til rette for blant anna grilling, fisking, natursti, slakk line og padling i kajakk og kanoar. Holmen er eit flott kommunalt friområde og har gode fiske- og bagemoglegheiter. Det er også tilrettelagt med WC. Turleiarar: **Ragnhild Thorkildsen**, tlf 958 37 204 og Trude Finnebotten, tlf 942 87 065. Arr. Barnas Turlag og Kvinnherad Turlag



Skutefest i Rosendal - offisiell avslutning av

Fredag 14. september 2018 Kl. 1600 — 16. september 2018 Kl. 1600

Ei maritim helg med storinnrykk av flotte skuter, foredrag, historie, handverk, musikk, kortreist mat, aktivitetar og maritime tradisjonar! Mange skuter og fartøy av ulik storleik og alder har meldt at dei kjem, så her vert det eit rikt skuteliv! Vi vonar difor at kaiane og fjorden utanfor Rosendal vert ein kjekk møteplass for deg som er båtinteressert og som vil treffa andre.

Fredag: Innkomst av skuleopplegget til Kystsogevekene med **Seladon**, og robåtar rodd av skuleelevar
Ankomst av skuter frå heile Vestlandet
Skutetreff i teltet med grunnkurs i lubbesild, Gurineøl-lansering, musikkinnslag og god stemning

Laurdag: Offisiell opning ved ordføraren i Kvinnherad, **Peder Sjø Slettebø** Helsing frå Kystsogevekene ved **Kjell Magnus Økland**
Folkefest med mange kjekke aktivitetar i hamna og utpå fjorden.
I Folgefonnsenteret kan du vitja **Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga**. Utstillinga visar fartøybygging i området frå 1850 – 1950.

Du kan også sjå biletspelet om fartøybygginga i auditoriet og det blir fleire foredrag om mellom anna Oselvar og Strandebarmar, fartøyvern og ein ekte sjørøver frå Kvinnherad.

Aktivitetar i skipsbyggjarmuseet for ungane, knuteknyting, Eg byggjer meg ein båt frå Sunnhordland Museum.

Kapproing på fjorden

På kvelden vert invitert med på **sluping** med skutene rundt Kalven og Skjeret.

Søndag: Guida tur til **Gurinefjæro**, omvisning i og ved Gurine
Felles avgang for skutene der dei løsnar fortøyningane og dreg kvar til si heimehavn.
Meir info kjem på www.skutefest.no og www.kystsogevekene.no
Arr. Gurine - Interesseslaget for Galeas Gurine, Folgefonnsenteret og Kvinnherad kommune



Foto: Karen Lovfall



Foto: Karen Lovfall Våge

Ein skuledag på sjøen for ungdomsskulen

Havet har vore livsgrunnlaget vårt i tusener av år, men verda er i rask endring. Dei siste hundre åra har verdas folketal firedobla seg, med alt som følgjer av auka forbruk av ressursar og forureining. Kunnskap om mennesket sitt samspel med havet og naturen er difor heilt sentralt for kystfolk i heile verda, ikkje minst for oss i Noreg, eit land som forvaltar eit havareal som er over seks gongar større enn landarealet.

- 2018 blir vonleg starten på ein ny tradisjon under Kystsogevekene, eit sjøbasert undervisningsopplegg for grunnskolen som:
- Bind saman den offisielle opninga og avslutninga av Kystsogevekene
 - Involverer mange av dei 22 kommunane som er med i Kystsogevekene
 - Lagar aktivitetar som brukar sjøen som hovudarena
 - Rommar naturopplevingar, kulturhistorie, miljøvern og friluftsliv for barn og unge
 - Skaper meningsfylte oppdrag for seriøse maritime kulturaktørar
 - Involverar god samkøyring og ressursutnytting i samspel med andre samarbeidspartnere
 - Oppnår god medieinteresse og vekkjer ein ny entusiasme for kystkultur

I august og september blir det skuledag i, på og ved sjøen for 9. klassar. Undervisninga vil vektleggja vindkraft – årekraft – mestringskraft – bærekraft. Skuleprosjektet er under utvikling, men i skrivande stund er fylgjande klart:

Arenaer på Bergen og Omegn Friluftsråd sine friområder. Prosjektet legg vekt på grei tilkomst, nausynt infrastruktur, gode tilhøve for dei ulike aktivitetane og gode naturkvalitetar.

Med vinden som drivkraft: Om bord i den 60 fot store seglskuta «Seladon» frå 1937 heiser og trimmer elevane segla, navigerer etter gamle sjømerker og med meir moderne hjelpemiddel og lærer anna sjømannskap. Alt skjer under skipper Einar Matre og hans mannskap sitt kyndige instruksjon.

Med årekraft på vatnet: Med større robåtar får elevane læra korleis å ro, fyrst i takt og deretter med kraft og fart. Langs Norskekysten har roing vore ein svært sentral reisemåte i minst eit par tusen år, men dei siste 60 åra har dette forsvunne. Undervisninga legg vekt på samarbeid, det å møte naturkreftene til sjøs og naturopplevingar når ein glid lydløst framover. Sjøvante instruktører i kvar båt sørger for tryggleik og opplæring.

Mestringskraft i og ved sjøen: Elevane sym, klatrar og hoppar uti fjorden frå svaberg. Vanntryggleik, meistring og miljøfokus står sentralt. Elevane får andre røynsler enn det som skjer i eit oppvarma basseng. Undervisninga vert leia av dyktige instruktørar frå Coasteering AS.

vindkraft - årekraft - mestringskraft - bærekraft

Med bærekraft som rettesnor: Med fokus på bærekraftige mål og plastforureining formidler FN Sambandet i Norge eit globalt miljøperspektiv. Gjennom ulike aktivitetar i strandsona får elevane både læra om berekraftig utvikling, og bidra ved sjølve å utforska ein lokal strandsone for plastforureining.

Vidare har prosjektet «Snakkast på fjorden 2018» mål om å knytta til seg personar og aktørar som har sjøen som arbeidsplass slik at elevane til dømes kan få møte desse og få høyra om deira jobbkvardag.

Prosjektet Snakkast på fjorden 2018 er kome i stand via aktiviseringsmidlar til frilufslivsforemål frå Miljø- og klimadepartementet løyvt av Hordaland Fylkeskommune. Prosjektet er eit samarbeid mellom Bergen og Omland Friluftsråd, seglskuta Seladon, Coastering AS, FN-sambandet og Kystsogevekene. Frå venstre: Kjell Magnus Økland (Kystsogevekene), Camilla Ianke (Coasteering AS), Grethe Mong-Hansen (prosjektkoordinator), Kai Grieg (FN-sambandet) og Einar Matre (Seladon). Foto: John Frithjof Fosse (BOF).

Følg prosjektet på www.kystsogevekene.no og www.snakkastpafjorden.no



Foto: Bladet Tysnes/Lena Helvik

Program for august

02-05 August

Bergen: Fjordsteam

04 laurdag

Gulen: Laurdagsope på Gulen Fiskarbondemuseum
Lindås: Sjøparken i Lindåsosane
Os: Offisiell opning av Kystsogevekene i Os
Fjell: Utstillingane i Fjell Festning
Osterøy: Galleri Mjøsvangen
Kvinnherad: Utstillingane ved Folgefonnsenteret
Bergen: Grunnkurs havpadling
Tysnes: Jåtseglarane frå Tysnes
Fitjar: Omvisningar på Engesund Visningssenter

05 søndag

Osterøy: Sjøveis kyrkjereis til Hamre kyrkje

06 måndag

Meland: Natursti om FN's bærekraftsmål

08 onsdag

Austrheim: HavGlede
Fitjar: Fitjarfestivalen

09 torsdag

Radøy: Padletur Bøvågen-Syltavågen

10 fredag

Austrheim: Fønnesdagane - dar folk møtes
Lindås: Viking og mellomaldermarknad på Lygra

11 laurdag

Austevoll: Den Store Roen
Bergen: Oselvar NM 2018
Masfjorden: Konsert med STOP
Os: Billedkunstner Rolf Monsen: Separatutstilling.

12 søndag

Tysnes: Kystkulturdag på Årbakka Handelsstad
Radøy: Offisiell opning av kystsogevekene i Radøy
Gulen: Kaidag i Furnes
Bergen: Som å reisa i gamle dagar

15 onsdag

Radøy: Onsdagstur til Skageneset

16 torsdag

Meland: Padletur lo-Herdla rundt

17 fredag

Sund: Hamnedagane på Kleppe
Stord: Håkonar-seglasen
Meland: Roskyss til Håøy

18 laurdag

Askøy: Regattaen Askøy Rundt
Radøy: Open motorsamling
Gulen: Open dag på Sellevåg treskofabrikk
Fedje: Åpent fyr- SUP og SUPPE
Tysnes: Dansegalla

19 søndag

Kvinnherad: Båtbyggjedag på Øyra på Nerhus
Masfjorden: Bjørn West-marsjen
Askøy: Hanevikdagen
Sveio: Kystlandskapsdagen i Sveio
Bergen: Vikingtokt frå Sandviken til Kollavågen
Lindås: Familiedag på Gamle Seimstrand
Øygarden: Coastman Norway

20 måndag

Øygarden: Idretts- og kulturveke i Øygarden

22 onsdag

Radøy: Grunnkurs i fiskeutstyr og fiskemetoder
Masfjorden: Kulturbesøk frå Shetland

24 fredag

Fjell: Langøymarknaden 2018
Meland: Kystsogedagane på Holmeknappen
Bømlo: Kystsogedagane i Langevåg
Austevoll: Seglkurs for ungdom, Kystsogehelg i Bekkjærвик & Kvalvåg
Bergen: Fjord og Fjell
Askøy: Vikingmarknad på Herdla
Lindås: Konsert med Nordic Tenors, Knarvikmila

25 laurdag

Austrheim: Vandring i fiskarbonden sitt rike
Radøy: Nøtlevågsdagen
Masfjorden: Konsert med Jon Solberg & Anders Røine
Bergen: Kretsmeisterskap for Knarr
Os: Telttur til Ervikane, Os (3-10 år)
Stord: Vervadagane på Jensaneset

26 søndag

Fusa: Folkesongen i Hordaland - Kvilestein
Radøy: Familiedag med fiskekonkurranse
Bergen: Gøy på landet, Open dag på Stend Stasjon
Sund: Trellevikstemnet
Sveio: Utvandringsdag på Kysttunet
Fusa: Torgdag på Engevik Gaard
Stord: Kanotur på Storavatnet ved Litlabø

27 måndag

Os: Oselvardagane - undervisningsopplegg for 9. klassane i Os

29 onsdag

Radøy: Skuleklasse på Bogatunet - kvardagsliv i 1850
Radøy: Maritim maleglede i naustmiljøet på Boga

30 torsdag

Austrheim: Padletur Solesjøen-Litlelindås
Radøy: Skuleklasse på Bogatunet - kvardagsliv i 1850

31 fredag

Fjell: Allsong på kysten
Bømlo: Kanaldagane, Fylkeskysttreff på Bømlo
Radøy: Skuleklasse på Bogatunet - kvardagsliv i 1850
Askøy: Askøy Rundt Padlefestival
Bergen: Bergen Matfestival

Program for september

01 laurdag

Bømlo: Opning av Kystsogeveke-utstillinga: Brian Wallace
Os: Oselvarfestivalen 2017, Bondens Dag
Bergen: Jolle-KM
Os: Askeladden
Stord: Haust på museet
Sveio: Bedehuskulturen i Sunnhordland
Masfjorden: Kom deg ut-dag: Aktivitetsdag i Hatlevika
Bergen: Strikkbåtverksted for hele familien
Lindås: Opning av ny gangbru ved Stampo
Askøy: Sjøveis kyrkjereis til Herdla kyrkje, Fortsdagen på Herdla
Stord: Kom deg ut dagen - v/Skjephaugen
Kvinnherad: Kom deg ut-dagen: Holmen friområde, Dimmelsvik
Sveio: Utstillingsopning på Ryvarden: Rigmor Aase Bø

03 måndag

Lindås: Gamle Dampen i den indre farleia
Sveio: Foredrag om naust

04 tysdag

Stord: Foredrag om naust

05 onsdag

Austrheim: Onsdagstur til Vardetangen

06 torsdag

Lindås: Padletur Feste -Langenesvågen

08 laurdag

Tysnes: Jaktefarten på Tysnes
Fusa: Ungdomslaget Samhald 100 år - Familiedag
Tysnes: Familiedag på Kulturløoo på Drange
Bergen: Sandviksdagene 2018
Lindås: Ramsalt korkafé
Radøy: Gamle dampen på Manger kai
Øygarden: Færing i farta - motoriseringa av trebåtane
Radøy: Risnesmarknaden
Os: Handverksbygda Os
Osterøy: Praktisk kurs i ullsortering
Bergen: Bergen Singelhanded
Lindås: Kanotur med overnatting mellom trærne (8-12 år)
Austrheim: Kulturminnevandring på Austrheim kai
Stord: Hamnedag i Leirvik

09 søndag

Lindås: Ope museum på Feste og omvisning på Bruknappen
Bergen: Filmvisning: Strandhugg på Vestlandet
Lindås: Kåseri om Fjordabåtane
Masfjorden: Konsert i Sandnes kyrkje
Radøy: Migrasjon - tonane dei bar med seg over havet
Fitjar: Open dag på Årskog Museum

11 tysdag

Bergen: Brugdekvelde i Båthallen

12 onsdag

Askøy: Kveldsmat-tur til Solsnes Friluftsområde
Stord: Bildekveld på museet

13 torsdag

Radøy: Padletur Straume-Nordangervågen
Bergen: Padlekurs (7-9 år)
Bergen: Temakveld om migrasjon og forestillinga Migrasjon - tonane dei bar med seg over havet

14 fredag

Radøy: Quizkveld på Marås Grendahus
Kvinnherad: Skutefest i Rosendal
Gulen: Padletur: Helgetur til Mjømna

15 laurdag

Osterøy: Opning av friluftsområdet Kleiveland kai
Lindås: Padlekurs for barn
Masfjorden: Konsert/opplesing med Steinar Hjelmbrække
Fedje: Hauststormseilasen
Stord: Hidle-seilasen
Fedje: Small Ships Race, Basar på fiskarheimen, Open dag på trafikksentralen

16 søndag

Radøy: Familiedag på Marås Skule
Sund: Nytt i Naust på Glesvær
Radøy: Flygelkonsert: Sukkerfeens Dans
Bergen: Tradisjonsbåter på Vestlandskysten
Lindås: Utstillingsdag i Eknesvågen
Radøy: Ope på Nordanger gardsmuseum
Fusa: Migrasjon - tonane dei bar med seg over havet

17 måndag

Tysnes: Hypokonderforedrag i Kulturkyrkja, Onarheim

18 tysdag

Masfjorden: Migrasjon - tonane dei bar med seg over havet

Kystkultur - tradisjon og utvikling...

4. august til 16. september

Kystsoge vekene

Kystsogevekene finn stad kvart år i august og september og er eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland og Gulen og Hordaland Fylkeskommune.

Stiftinga Kystsogevekene er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulere til og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av årlege Kystsogeveker i Hordaland og Gulen.

Kystsogevekene speglar kystkultur frå alle tider, både gammal og ny. Bak dei ulike arrangementa står ei stor gruppe lokale eldsjeler som er stolte av eigenart og tradisjonar. Kvart einskild kulturarrangement er sjølvstendig, samstundes som det inngår under paraplyen Kystsogevekene. Kystsogevekene er allsidig som det skiftande veret på Vestlandet og programmet femner vidt, frå store folkefester til intime konsertar eller små arrangement: marknader, konsertar, torgdagar, revyar, turar og aktivitetar. Mange veteranbåtar er i sving, og folk i alle aldrar får prøva seg på ulike maritime aktivitetar. Tradisjonsmat, handverk og arbeidsteknikkar, lokale skip og båtar er sentrale ingrediensar i Kystsogevekene. På dei mange marknadene kan småskala-produsentar av ulikt slag, særleg innan mat og handverk, visa seg fram for publikum.

På sikt arbeider Kystsogevekene for å fremja kystkultur og styrkja identiteten i kystdistrikta. Auka trivsel, vekst knytt til kultur- og reiselivsopplevingar på kysten er andre viktige målsetjingar.

Ta gjerne kontakt med dagleg leiar, Kjell Magnus Økland

Tlf. 95 04 67 39

kystsogevekene@hfk.no

www.kystsogevekene.no

	Askøy	s 22
	Austevoll	s 29
	Austrheim	s 19
	Bergen	s 26
	Bømlo	s 32
	Fedje	s 18
	Fitjar	s 33
	Fjell	s 25
	Fusa	s 31
	Gulen	s 16
	Kvinnherad	s 37
	Lindås	s 21
	Masfjorden	s 17
	Meland	s 23
	Os	s 30
	Osterøy	s 27
	Radøy	s 20
	Stord	s 34
	Sund	s 28
	Sveio	s 36
	Tysnes	s 35
	Øygarden	s 24

Gulen
Fedje
Austrheim
Masfjorden
Radøy
Lindås
Øygarden
Meland
Askøy
Osterøy
Fjell
Bergen
Sund
Os
Fusa
Austevoll
Tysnes
Fitjar
Stord
Bømlo
Kvinnherad
Sveio



#kystsogevekene



facebook.com/
kystsogevekene



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



GRIEG FOUNDATION



Sjøtuben Museum Bergen